Nytt om namn

Meldingsblad for Norsk namnelag

Nr. 13 - 1991

Oslo 1991

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for Norsk namnelag (NNL)

Redaktørar: Botolv Helleland og Kristoffer Kruken

Utgjevarstad: Avdeling for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo

Nr. 13 - 1991

Redaksjonen er avslutta 31. mai 1991

ADRESSER:

Norsk namnelag, Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 OSLO 3. Tlf. (02) 45 43 75.

Tidsskriftet "Namn og Nemne", Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplass 9, 5007 Bergen. Tlf. (05) 21 24 22.

Meldingsbladet "Nytt om namn", Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo 3. Tlf. (02) 45 43 75.

Bankgiro til Norsk namnelag: 8401.21.34427 (adresse: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplass 9, 5007 Bergen).

Kontingenten er no 130 kr for året.

INNHALD

Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking 4
Landsmøte i Norsk namnelag 5
Fråsegn om namn på postkontora 6
Fråsegn om stillingar ved Universitetet i Oslo 6
Diplom for godt namnevett 7
Nyfunne skolebarnoppskrifter 8
Stadnamnlova tek til å gjelda 1. juli i år 10
Konferansar og symposium 10
Rapport frå ICOS-kongressen i Helsingfors 11
Seminar om finlandssvenske og finske personnamn 12
NONELex 12
Namn og Nemne 7 1990 13
Forskingsstipend i namnegransking 13
Nye doktoravhandlingar i nabolanda 14
Unge Forskere 14
Litt om stadnamn frå Værøy og Røst 15
Nytt fylkeskart for Hordaland 17
Nye brunamn og tunnelnamn i Møre og Romsdal - Krifastnamn 19
Stadnamn i Strand 23
Avhandling om anger-namna 23
Tynset - eit normeringsproblem 23
Stadnamn langs ein gassrøyrleidning 25
Gardermo-prosjektet 25
Dataregistrering av kildemateriale i Rælingen 26
Gardsnamn som adressenamn 27
Stadnamninnsamling i Tana 27
Ny bok om personnamn 28
Personnamn i Trøgstad 32
Namneboka 33
"Kva skal barnet heite?" 33
Finnemanntalet 1686 35
Revidert namnedagskalender 36
Bok om kunamn 36
Studentarbeid om namn 37
Norsk namnebibliografi 1990 41

DEN 6. NASJONALE KONFERANSEN I NAMNEGRANSKING

Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking vart halden på Blindern i Oslo 23. november 1990 med Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, som tilskipar.

Hovudemnet for konferansen var vitskaplege prosjekt i namnegransking. Med dette knytte 1990-konferansen linene attende til den fyrste namnekonferansen i 1981, der det norske bustadnamnprosjektet og andre regionale stadnamnprosjekt vart drøfte. Det var såleis naturleg å ta opp utgjevinga av bustadnamn som eit hovudpunkt på denne konferansen òg. Universitetsstipendiat *Kristin Bakken*, som i 1990 hadde arbeidt med eit prøveprosjekt med tanke på utgjeving av bustadnamn i Østfold på grunnlag av Kåre Hoels etterlatne grunnmanuskript, presenterte resultata så langt og peikte på ein del problem som knyter seg til utgjevinga.

Professor *Oddvar Nes* streka i sitt innlegg under at både Norske bustadnamn og andre større vitskaplege namneseriar måtte løysast i fellesskap av det nasjonale fagmiljøet slik at ein fekk ei samordning av slike publikasjonsrekkjer.

I den neste bolken vart det gjeve korte orienteringar om innsamlingsprosjekta i Oppland (amanuensis *Tom Schmidt*), Nordland (prosjektleiar *Finn Myrvang*) og Møre og Romsdal (fyrsteamanuensis *Peter Hallaråker*). I eit noko lengre innlegg gjorde den siste greie for praktiske og metodiske røynsler i Møre-prosjektet, m.a. korleis dei hadde fått i stand avtalar med dei einskilde kommunane.

Deretter kom ei rekkje orienteringar om meir personlege prosjekt. NAVF-stipendiat *Tuula Eskeland* gjorde greie for eit prosjekt om stadnamn på Finnskogane. Amanuensis *Eira Söderholm* presenterte eit prosjekt om finske stadnamn i Nord-Troms, der ho særleg konsentrerte seg om semantiske forandringar i topografiske appellativ. NAVF-stipendiat *Aud-Kirsti Pedersen* orienterte om eit prosjekt om nemningar for høgder og djuplende i tre Troms-bygder. Med utgangspunkt i eit prosjekt om stadnamn frå Eidfjord drøfte fyrsteamanuensis *Botolv Helleland* korleis konservative språkdrag kan målast i stadnamn.

Det vart òg gjort greie for to prosjekt om sentrale bustadnamnledd. Amanuensis *Margit Harsson* orienterte om arbeidet med *rud*-namn, og amanuensis *Tom Schmidt* om *bø*-namn.

I gruppa personnamn vart to prosjekt presenterte. NAVF-stipendiat *Gudlaug Horgen* tok for seg eit prosjekt om etternamn/slektsnamn i folketeljinga 1801, og tidlegare NAVF-stipendiat *Anne Svanevik* gjorde greie for eit prosjekt om sjølvvald personnamnendring i 1983. Fyrsteamanuensis *Gulbrand Alhaug* tok opp problem knytte til samanføring av variantar av "same" namn, med grunnlag i nordnorsk personnamnmate-

riale. Eit prosjekt frå eit meir uvanleg felt innan namnegranskinga stod amanuensis *Kristoffer Kruken* for (i samarbeid med *Asbjørn Karbø*), nemleg norske kunamn.

Den store breidda innan norske namneprosjekt vart ytterlegare understreka gjennom presentasjonane av revisjonsarbeidet med Norsk stadnamnbibliografi (lektor *Terje Larsen*) og Norsk personnamnbibliografi (fyrsteamanuensis *Terje Aarset*, i samarbeid med *Kristoffer Kruken*).

Som ved fleire tidlegare konferansar var det invitert ein gjesteførelesar frå eit anna nordisk land. Denne gongen var det fil.dr. *Stefan Brink* frå Uppsala, og han orienterte om to aktuelle svenske stadnamnprosjekt og dessutan om det samnordiske prosjektet over nordiske stadnamnelement (NONELex) som han sjølv er leiar for.

Konferansen vart avslutta med ei grundig og perspektivrik oppsummering av fyrsteamanuensis *Ole-Jørgen Johannessen*.

BH

LANDSMØTE I NORSK NAMNELAG

Norsk namnelag hadde landsmøte i Oslo 23. november 1990. Med små endringar vart heile styret attvalt, med førsteamanuensis Botolv Helleland, Oslo, som formann, førsteamanuensis Gulbrand Alhaug, Tromsø, som varaformann, og førsteamanuensane Ole-Jørgen Johannessen, Bergen, og Peter Hallaråker, Volda, som styremedlemmer. Ny i styret etter amanuensis Kristoffer Kruken vart amanuensisvikar Anne Svanevik, Oslo. Varafolk: Lektor Terje Larsen, Hokksund (for Hallaråker), professor Oddvar Nes, Bergen (for Johannessen), Kristoffer Kruken, Oslo (for Svanevik).

Amanuensis Bjørn Eithun og førsteamanuensis Eskil Hanssen, båe Oslo, vart attvalde som revisorar.

Ole-Jørgen Johannessen og Oddvar Nes vart attvalde som redaktørar for tidsskriftet *Namn og Nemne*, og Botolv Helleland og Kristoffer Kruken som redaktørar for meldingsbladet *Nytt om namn*.

Det har vore ein liten auke i medlemstalet det siste året, og laget har no ca. 330 medlemmer. Dei betaler 130 kroner i årspengar og får tidsskriftet (eitt nummer for året) og meldingsbladet (to nummer for året). Nummer 7 av tidsskriftet vil koma på nyåret. NAVF har gjeve trykkestøtte også til dette nummeret.

Landsmøtet vedtok samrøystes ei fråsegn om at namna på postkontora i landet måtte vurderast på nytt i samband med den nye stadnamnlova, og ei fråsegn om stillingsfordeling ved Det historisk-filosofiske fakultetet i Oslo (sjå nedanfor).

Medlem i Norsk namnelag blir du ved å sende inn namn og adresse til Namn og Nemne, Nordisk institutt, Sydnesplass 9, 5007 Bergen. Du som les dette og framleis står utanfor: Meld deg inn!

FRÅSEGN om namn på postkontora

På landsmøtet i Norsk namnelag i Oslo 23. november 1990 vart følgjande fråsegn samrøystes vedteken:

Norsk namnelag er kjent med at Postverket har planar om å få nye skilt ved alle postkontora i landet, i alt 2700 postkontor.

Det er ei kjend sak at ei rekkje postkontor i landet har namneformer som ikkje er i samsvar med dei gjeldande føresegnene for skrivemåten av stadnamn.

Frå 1. juli 1991 tek lov om stadnamn til å gjelde, og Norsk namnelag bed om at Postverket legg alle namneformene på postkontora fram for statens namnekonsulentar til ny vurdering, så ein ikkje går inn i nye tiår med namneformer som er i strid med offisiell skrivemåte.

FRÅSEGN om stillingar ved Universitetet i Oslo

Norsk namnelag, samla til landsmøte på Blindern 23. november 1990, vedtok denne fråsegna til Det historisk-filosofiske fakultetet, Universitetet i Oslo, i høve dokumentet "Fagdimensjonering og stillingsfordeling ved Det historisk-filosofiske fakultet":

Norsk namnelag ser med uro på framlegget til fagdimensjonering og stillingsfordeling ved HF-fakultetet, der det blir lagt opp til ein reduksjon frå 19 til 16 stillingar ved samlingsavdelingane for målføre, leksikografi og namnegransking ved Institutt for nordistikk og litteraturvitskap. Desse avdelingane har eit nasjonalt ansvar for innsamling, arkivering og utforsking av sentralt norsk språkmateriale frå fortid og notid. Fakultetet har sjølv i fleire plandokument framheva kor viktig denne dokumentasjonen er.

Namnelaget vil oppmode fakultetet om å sikre alle noverande stillingar slik at arbeidet kan halde fram utan innskrenking. I denne samanhengen er det òg av største verdi at det ledige professoratet i namnegransking, som er den einaste toppstillinga i faget i landet, blir utlyst så snart som råd.

Merknad: Fakultetet har seinare fastsett at det skal vera 17 stillingar ved samlingsavdelingane. Professoratet i namnegransking er ikkje med blant desse, og det er pr. i dag høgst uvisst om - eller i beste fall når - det blir oppretta att. Avdeling for namnegransking får dermed i overskueleg framtid berre 4 stillingar, og det finst ikkje lenger noka toppstilling i faget namnegransking her i landet.

DIPLOM FOR GODT NAMNEVETT

I arbeidet med Aksjonen for språkleg miljøvern hender det at Språkrådet kritiserer folk som skriv engelskblanda norsk, eller ikkje norsk i det heile, enda om dei vender seg til folk som har norsk som morsmål.

No likar me ikkje å berre vera kritiske, og difor vil me gjera noko positivt, som samstundes kan hjelpa oss med å verna det norske målet.

Den engelske påverknaden smyg seg ikkje inn berre ved at folk nyttar engelske ord i talen, eller i vanlege tekstar. Ein annan innfallsport for engelsken er namn på butikkar, firma, produkt, bygningar, organisasjonar og anna. Dette vil me gjera noko med, og det me skal gjera, er å dela ut eit *diplom for godt namnevett*.

Kva er så godt namnevett i denne samanhengen? Det fyrste kravet er at namnet eller nemninga skal vera norsk. Men det er ikkje nok. Ein butikkeigar som kallar forretninga si til dømes *Sigmunds kolonial*, kan ikkje venta å få noko diplom. Han har ikkje gjort noko gali frå vår synsstad, men det er ikkje nok til å få ei påskjøning. For å få diplom elles i livet må ein ha utmerkt seg på ein eller annan vis, og slik skal det òg vera med namnevettdiplomet. Det me vil leita fram, er namn som er slåande, karakteristiske og humoristiske. Slike finst, til dømes antikvitetsforretninga *Bevare meg vel* og bodfirmaet *1 Bud* (les "første bud"), *Nedenom & Hjem* (restaurant i underetasjen), *Det lille under* (undertøyforretning).

Språkrådet er eit språknormeringsorgan, men me kjem ikkje til å leggja avgjerande vekt på at namnet skal følgje gjeldande rettskriving, dersom det elles er godt nok til å fortena eit diplom. Det kan tenkjast at former som ikkje er tillatne i rettskrivinga, men som finst i talemålet, gjev høvelege namn.

Med diplomet vil me heidra slike som har funni på gode og norske namn, og me vonar at denne utmerkinga vil verta ein kveik for andre til å gjera noko liknande. Hovudføremålet er å oppmuntra til å bruka norsk. Me meiner at mykje av bruken av engelske namn kjem av jåleri og fantasiløyse. Dersom me med denne påskjøninga kan

setja språkfantasien i sving, trur me at fleire kan få augo opp for skaparkrafta i morsmålet.

Godt namnevett er ein føremon for eit firma, for det kan tenkjast at somme kundar tykkjer at eit namn er så keisamt eller jålete at dei held seg unna. Me må heller ikkje gløyma at dei som har engelsk som morsmål, ikkje alltid tykkjer det høver at slike namn vert nytta her i landet.

Språkrådet har ikkje kapasitet til å leita etter gode namn over heile landet. Men me vil oppmoda språkinteresserte lesarar i alle landslutar om å senda oss framlegg om namn som syner at opphavsmannen har så godt namnevett at han fortener eit diplom. Me kan ikkje lova diplom til alle, for namnevettdiplomet skal hanga høgt.

Svein Nestor
Norsk språkråd
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO 1

NYFUNNE SKOLEBARNOPPSKRIFTER

Skolejubileer kan være nyttige til så mangt. Et 100-årsjubileum bringer frem gamle minner, og ekstra morsomt er det når en gammel skolekrets bestemmer seg for å lage jubileumsbok. En av bidragsyterne til jubileumsboka for Lundby skole i Lunner, Torger Kraggerud, fikk seg en overraskelse i september 1990. Etter en opprydding på skoleloftet fikk han i hende noen, i bokstavelig forstand, gulnede ark. Han tittet på dem, og som fersk informant for min egen djupinnsamling i området, fattet han interesse for de doble arkene med påtrykte spørsmål og sirlig skjønnskrift. Forbauselsen ble ikke mindre da han kjente igjen navn fra familiegården Kraggerud.

Funnet viste seg å bestå av 9 skolebarnoppskrifter datert den 12.2.1935 med til sammen 156 navn. Tre av skjemaene var ikke utfylt, og et fjerde inneholdt bare to navn. Dette kan være noe av årsaken til at ingen av oppskriftene ble sendt til Bergens Museum, men havnet til slutt på skoleloftet. Hvorfor de andre fem med sitt fyldige materiale ikke ble levert, er derimot uklart.

Navneinnsamlingen ved Bergens Museum begynte i 1931. Til sammen kom det inn "kann henda ikr. 3/4 million namn", skriver Gustav Indrebø i sin artikkel "Norsk

stadnamngransking" i *Namn och bygd* 1938 (i *Språknytt* nr. 2 1975 har Oddvar Nes anslått mengden til nærmere 1,5 millioner navn). I samme artikkel hevder Indrebø at "uppskriftene som hev kome inn på denne måten er ikkje verdlause. Dei kann verdsetjast på liknande vis som uppskrifter i diplom frå millomalderen: Skrivemåten er slumpesam og med ujamt verde, men jamleg til rettleiding for den som kann lesa på kunnig vis".

De nyfunne oppskriftene rommer navn fra punktene A, B, C og D på spørreskjemaet, men ikke alltid fordelt etter Indrebøs bokstaver. Det ser ut som om skolebarna har tatt oppfordringen fra parentesen på spørreskjemaet svært høytidelig: "(Glem ikke nogen åkrer og engstykker, ... hauger, bakker ... glem ikke nogen elver, småbekker...)." Skolebarna fra 1935 har plassert navna i slike undergrupper. Dette kan gi viktige opplysninger for oss i dag, når vi skal avgjøre et navns tidligere funksjon.

Hva kan så disse 156 navna fortelle oss i dag? Noe av det første som slår en, er barnas oppriktige forsøk på å følge anvisningen som står trykt øverst på spørreskjemaet: "Skriv navna slik som de uttales i bygdemålet." Noen spredte eksempler viser resultatet av hederlige forsøk: *Hau'a*, *Fjøsåk'rn*, *Okgarde'en* (her er p og k skrevet oppå hverandre), *Haslekjærra*, *Nybrøte*, *Dreftebingen*, *Kvein*, *Kvennjor'e*, *Sæterbærjet*, *Smalen'a*. Det siste navnet viser til *Smalenga* på Flatla. Her har eleven strevet med "ng"-lyden, som jo fortsatt blir transkribert ulikt. I en og samme oppskrift finner vi både *Sæterbækken* og *Sølvtjernsbekken*, så skrivemåten er "slumpesam", som Indrebø konstaterte.

I én oppskrift har en elev strevet med et forsøk på å normalisere dagliguttalen. I to tilfeller ble denne under djupinnsamlingen i 1989 registrert som *Øverbingen* og *Nerbingen* (tostavelses tonelag). Eleven fra 1935 har prøvd å få med seg førsteleddet *Øver*. Resultatet er blitt nesten kansellistil - *øvere og nedere Kalvebinge*. Den samme eleven har notert ned navnet *Kvein* og *Kveinbingen*. Første gang navnet nevnes i oppskriften, står det *Kveinen* med overstrykning av endelsen "en". Navnet ble registrert i 1989 og har tostavelses tonelag. Her viser oppskriften at eleven har prøvd å få med seg to stavelser. Eleven har også følt det nødvendig å følge Indrebøs oppfordring "tilføi i parentes ( ) efter hvert navn hvad det er". Eleven skriver: "På Kvein vor mølleren bodde har været husmandsplass. På gården har det været en mølle som stod på kveinbingen." I et forliksdokument fra 1859 står "Kraggeruds Møllehuse" omtalt. Dette peker i retning av en tolkning av *Kvein* (*Kveien*) som f.pl. av "kvenn" med den typiske vokalforlengingen vi finner i hadelandsdialekten.

En av de andre oppskriftene, fra Flatla (midt imot Kveien), har *Kvennjor'e*. Her lå altså minst tre kverner rett ved hverandre. I dag får disse realkommentarene økt verdi. Kvernene er borte og husmannsplassen revet.

Det viser seg ved en sammenligning av skolebarnoppskriftene fra 1935 og en nyinnsamling fra 1989 i samme område at 14 "nye" navn kunne føyes til de 53 navna fra 1989. De gamle og de nye navna fra samme gård kompletterer hverandre som puslespillbiter, f.eks. *Haslekjærra* (1935) og *Hasleteigen* (1989), *Taskåk'rn*, *Taskereina* (1935) og *Taske*, *Taskemyra* (1989), *Gauklibakken* (1935) og *Gaukli* (1989), *Kveinbingen* (1935) og *Kveienflaten* (1989).

I sin artikkel fra 1938 skriver Indrebø at "Bergens Museum ventar på løyving frå staten, so det kann få arbeidt ut ein alfabetisk setelregistratur". I Bergen er det meste nå skrevet ut på kort. Indrebøs håp om en registratur er dermed langt på vei realisert, men eventuelle etternølere fra gamle skoleloft og andre gjemmer vil likevel alltid være velkomne som supplement til den store grunnstammen fra 1930-åra.

Beate Kraggerud
Oslo

STADNAMNLOVA TEK TIL Å GJELDA 1. JULI I ÅR

Stadnamnlova som vart sanksjonert 18. mai i fjor, skal ta til å gjelda frå 1. juli i år. Forskriftene til lova er enno ikkje ferdige, men Kulturdepartementet arbeider på spreng med å få dei klare. Høyringsfråsegnene hadde frist til 10. mai. Samarbeidsnemnda for namnegransking hadde møte 6. mai for å drøfta utkastet til forskrifter.

Frå 1. juli skal det tilsetjast namnekonsulentar og sekretærar for norske namn i dei fire universitetsområda og særskilde konsulentar med eiga sekretærhjelp for samiske og finske namn. Statens kartverk skal frå same dato tilsetja ein person til å stå for det nye sentrale stadnamnregisteret. Både forskriftene og tilsetjingane vil me koma attende til i neste nummer av *Nytt om namn*.

KONFERANSAR OG SYMPOSIUM

Ägonamnsymposium i Finland. I tida 24.-26. mai 1991 arrangerte Folkkultursarkivet i Helsingfors det syttande NORNA-symposiet i Svidja, Sjundeå, like utanfor den finske hovudstaden, med "ägonamn" (teignamn) som emne. Det var 25 deltakarar frå dei nordiske landa. To av dei norske heldt foredrag, Tuula Eskeland om teignamn på Finnskogen, og Botolv Helleland om semantiske kategoriar i teignamn.

Konferanse om leksikografi i Norden. I tida 28.-31. mai 1991 vart den fyrste nordiske konferansen om leksikografi skipa til i Oslo, med Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Avdeling for leksikografi, som ansvarleg. Det var ca. 180 deltakarar og 57 foredrag. Nokre av foredraga hadde emne frå grenseområdet mellom namnegransking og leksikografi.

Symposium om eldre personnamn. NORNAs attande symposium blir arrangert av Institutionen för nordiska språk ved Uppsala universitet 16.-19. august 1991. Emnet er **"Personnamn i nordiska och andra germanska fornspråk"**, og leiar for symposiet er dosent Lena Peterson. Det er påmeldt 15 foredrag, av dei to frå Noreg, Anne Haavaldsen: Personnavn i *Norges Indskrifter med de ældre Runer*, og Ole-Jørgen Johannessen: Patronymikonbruk i de norske runeinnskrifter. Også nokre av dei andre foredraga vil drøfte materiale frå norsk område. Det blir ein heildagsekskursjon til runesteinar kringom i Uppland og Mälardalen. Symposiet har vekt stor interesse og fått mange påmeldingar.

Symposium om "andre" namn. På oppdrag av NORNA arrangerer Dialekt-, ortnamns- och folkminnesarkivet i Göteborg og Institutionen för nordiska språk vid Göteborgs universitet eit **"Nordisk symposium om "övriga namn""** i Göteborg 4.-6. desember 1991. Termen "andre namn" omfattar alle typar namn som ikkje kan reknast som person- eller stadnamn. Hit høyrer m.a. husdyrnamn, båtnamn, firmanamn, bladnamn, varenamn og geværnamn. Symposiet blir tematisk opent fordi ein gjerne vil fange opp all forsking som er i gang på området. Frå norsk side blir det m.a. innslag om kunamn og institusjonsnamn.

RAPPORT FRÅ ICOS-KONGRESSEN I HELSINGFORS

Den 17. internasjonale kongressen i namnegransking vart halden i Helsingfors 13.-18. august 1990. Rapporten med føredraga er no utgjeven i to svære band på til saman ca. 1000 sider. Det var følgjande innlegg frå norsk side: **Gulbrand Alhaug**: Women's Names in *-ine*. A Great Name Fashion in Norway in the 19th Century, **Botolv Helleland**: Flurnamen als lokalgeschichtliches Quellenmaterial, **Tom Schmidt**: Place Names with Generic *-by/-bø* in East and West Norway: A Comparative Study, **Eira Söderholm**: The Position of Finnish and Saami Place Names in Norway, **Anne Svanevik**: Some Reflections on Official Name Procedures in Norway.

Rapporten er redigert av Eeva Maria Närhi og har tittelen *Proceedings of the XVIIth International Congress of Onomastic Sciences Helsinki 13-18 August 1990.* Utgjevarstad og -år er Helsinki 1990, ISBN 951-9475-76-1.

SEMINAR OM FINLANDSSVENSKE OG FINSKE PERSONNAMN

Den 26. april hadde Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, besøk av doktorstudentane Kaj Borg og Tor-Erik Lindqvist frå Universitetet i Åbo. Dei heldt seminar for hovudfagsstudentar og tilsette om prosjektet **"Dopnamn i Ekenäs, Gamlakarleby och Jyväskylä från 1600-talet fram till 1930-talet"**, som dei saman med ein tredje student, Arja Lampinen, arbeider med under leiing av professor Gudrun Utterström. Dei gav ei lærerik innføring både i kjeldebruk, metodiske problem og konkrete resultat.

Det har alt komi to publikasjonar frå prosjektet, Kaj Borg: *Dopnamn i Dragsfjärd 1728-1855* (1989) og Tor-Erik Lindqvist: *Soldatnamn vid Åbo läns infanteriregemente 1716-1804* (1990). Begge er utgjevne i skriftserien frå Filologiska institutionen ved Åbo universitet, Nordisk filologi.

NONELex

Arbeidet med leksikonet over nordiske stadnamnledd går vidare, og frå eit presentasjonsskrift nyleg utgjeve av redaktøren, fil.dr. *Stefan Brink*, har redaksjonen saksa fylgjande om bakgrunnen for prosjektet:

Sedan länge har NORNA drivit frågan om ett samnordiskt lexikon över nordiska ortnamnselement, något som har kunnat realiseras efter det att NOS-H tilldelat medel. Idén går ursprungligen tillbaka på Lars Hellberg, Uppsala, som för över ett decennium sedan presenterade lexikontanken för NORNA. Denna går ut på att låta frivilliga forskare skriva en kortfattad artikel om hur de ser på ett eller flera ortnamnselement, som **-böle, -sjö, -hem, -äng** etc., vilka de kan anses vara experter på eller kommit att bli specialintresserade av. Dessa redigeras på ett enhetligt sätt, mångfaldigas och distribueras till nordiska namnforskare och andra intresserade. Lexikonet är tänkt att utgöra ett slags "arbetsredskap" för forskaren, där denne skall finna det senaste och "bästa" som sagts om ett ortnamnselement. Artiklarna sänds ut eftersom de blir färdiga och de kan utkomma i en eller flera versioner. Möjligheten finns vidare att vissa, särskilt kontroversiella, element kan komma att erhålla flera författare. Som ledningsgrupp har

NORNA utsett: Peter Slotte (ordf.), Lars-Erik Edlund, Bente Holmberg och Oddvar Nes, och som redaktör har anställts Stefan Brink, med placering i Uppsala.

NAMN OG NEMNE 7 1990

har komi ut med følgjande artiklar:

Antonesen, Vidar: Forholdet mellom offisiell norsk nomenklatur for fugl og zoologisk systematikk. Ei vurdering med grunnlag i eit autoritativt forslag til endring av engelske fuglenamn.
Fure, Eli: Personnavn og tidsånd.
Johannessen, Ole-Jørgen: Bygdenavn i Nordhordland.
Kruken, Kristoffer: Skola, Skora, Skura, Skjøla.
Randsborg, Hege Brit: Navneoppkalling - myte eller virkelighet?
Rygh, Oluf: Hvad der er gjort i Norge for at samle Materialier til Belysning af Landets Stedsnavne. Utgjeve av Oddvar Nes.

FORSKINGSSTIPEND I NAMNEGRANSKING

Cand.philol. Kristin Bakken har fått universitetsstipend til prosjektet **"Komposisjonsfugen i nominale komposita. En analyse av et sørøstlandsk diplommateriale eldre enn 1370".** Eitt av siktemåla er å prøve hypotesen om at appellativiske og onomastiske samansetningar er underlagt dei same komposisjonsreglane. Materialet er diplom frå Telemark og Vestfold. Stipendet er gjevi av Det historisk-filosofiske fakultetet, Univ. i Oslo, og gjeld for fire år. Til saman eitt år av perioden skal vera pliktarbeid for Avdeling for namnegransking, som stiller arbeidsplass til disposisjon. Bakken tok til med prosjektet 1. januar.

Amanuensis fil.kand. Tuula Eskeland har fått stipend frå NAVF til prosjektet **"Finsk i Sør-Norge belyst ved de finske stedsnavnene på Grue Finnskog i sammenligning med de finske navnene i Våler og Vinger Finnskog"**. Dette er eit treårs fulltidsstipend. Eskeland har tidlegare samla finske namn på Finnskogen og får no høve til å gå inn på grundigare analysar av materialet. Stadnamn som relikt av eit tapt daglegspråk blir ein viktig synsvinkel her. Eskeland tek til med prosjektet 1. august.

Nytt om namn gratulerer stipendiatane og ønskjer lykke til med prosjekta!

NYE DOKTORAVHANDLINGAR I NABOLANDA

Den 14. november 1990 disputerte Eva Villarsen Meldgaard på avhandlinga *Studier i københavnske fornavne 1650-1950* ved Københavns Universitet. Avhandlinga er utgjeven på C. A. Reitzels Forlag som nr. 32 i serien Navnestudier udgivet af Institut for Navneforskning. Den 31. mai 1991 disputerer Margareta Svahn på avhandlinga *Finnskägg, tåtel och sia. Om folkliga namn på gräs* ved Umeå universitet. Avhandlinga er utgjeven som nr. 8 i Serie A. Dialekter frå Dialekt-, ortnamns- och folkminnesarkivet i Umeå.

UNGE FORSKERE

Konkurransen Unge Forskere har vorte eit årvisst arrangement. Det er naturvitskapleg forsking som har dominert denne konkurransen, men arbeid med humanistiske emne har kome sterkare med etter kvart. I år var for fyrste gong dei innsende arbeida delte i to grupper, ei gruppe for naturvitskaplege fag og ei gruppe for humanistiske fag.

I gruppa humanistiske fag var det to deltakarar med stadnamn som emne. Kristin Westbye frå Nannestad fekk andrepris for oppgåva *Stedsnavn fra Nannestad*, og Frode Østlund frå Stange fekk tredjepris for oppgåva *Mangt og mye om litt ta hårt! Et utvalg stedsnavn fra Stange almenning og nærliggende områder*. Begge oppgåvene er skrivne som særoppgåver i vidaregåande skule. Me gratulerer Kristin Westbye og Frode Østlund så mykje med prisane!

Kristin Westbye har samla 87 stadnamn frå 4 gardar i Nannestad. Dei fleste namna er teignamn, dvs. namn på jorde, åker og eng i inn- og utmark. I dette området har det i seinare tid vore omfattande planering av jorda, noko som har ført til at mange av dei 87 namna ikkje lenger er i bruk. Målet med oppgåva var dermed å ta vare på ein namnetradisjon som i dag bokstaveleg talt er jamna med jorda.

Hovudkapitlet i oppgåva tek for seg alle dei 87 stadnamna ordna topografisk. For kvart stadnamn er det tatt med opplysning om uttale, grammatisk form, preposisjonsbruk og karttilvising. I tillegg er kvart namn forsøkt tolka.

I ei innføring i gardshistoria til dei fire gardane har Westbye med opplysningar om gamle buplassar, ofte husmannsplassar. Dette er nyttige opplysningar, for mange av teignamna fortel nettopp om gamle buplassar.

I oppgåva er det i alt 17 bilete sette opp på ein instruktiv måte. Nokre av dei syner eit landskap før og etter planering, eit framifrå døme på korleis fysisk endring av eit landskap også endrar "namnelandskapet".

Frode Østlund har samla 82 stadnamn frå eit større område i Stange allmenning. Østlund har lagt vekt på at dette skal vera eit utval av namn som til saman gir eit variert tilfang. Målet med oppgåva er å ta vare på namna og dei kulturhistoriske opplysningane namna inneheld.

Innleiingsvis blir namna grupperte etter kva dei er namn på, og etter kva dei enkelte orda i namna tyder. Denne grupperinga er stutt og summarisk, medan hovuddelen er ein systematisk gjennomgang av alle namna. Her blir namna førte opp med uttale, opplysningar om lokaliteten namna viser til, og elles ymse historisk bakgrunnsstoff som kan forklare namna. Østlund har hatt gode og interesserte informantar, og han har med mykje av det informantane har fortalt. Såleis har hendingar og tilstandar etter ca. 1900 fått brei dekning.

Både Westbye og Østlund har notert uttale dels ved hjelp av lydskrift, men ingen av dei har markert tonelag. Ein kan ikkje vente at ein elev i den vidaregåande skulen er klar over kor viktig slik markering er, men her skulle ein ynskje at (norsk)lærarane hadde kome inn med rettleiing.

Denne konkurransen er ei fin oppmuntring for unge forskartalent, og me oppmodar derfor namnegranskarar mellom 12 og 21 år til å delta også neste år. Nærare opplysningar får ein ved å vende seg til Unge Forskere, Norsk Teknisk Museum, Kjelsåsveien 143, 0491 Oslo.

Margit Harsson
Oslo

LITT OM STADNAMN FRÅ VÆRØY OG RØST

Spør vi kva for namneelement som er mest hyppige i Værøy, blir svaret slik vi kunne vente. Talemålsord som berg, dal, flu, hammar, hei, hol (bokmål "hull"), holme, håg (haug), li, mark, mòl, myr, nes, reve (revne), sand, skalle, skard, skjer, stein, tind, tjønn, tuve (om runde fjelltoppar), urd, vik og våg har stått øvst på pop-lista frå gammalt av. I tillegg kjem eit par overraskingar, nemlig terrengorda hals og sæte: Det første blir brukt om ryggar, rabbar e.l. som smalkar litt av eller har eit lite søkk innom den ytste delen. Ofte går det ein stig over. - Og hankjønnsordet sæte (sete) er eit utrulig "produktivt" ord i namn på Værøya, men blir brukt om nokså skiftande innslag i landskapet: i sær om benk eller lem (pall, hylle), til dels vel òg om grasgrodd hammar, li-flekk o.l. Til gjengjeld finn du sjeldan "benk" i stadnamna der.

Ord som ikkje opptrer fullt så ofte, men som heller ikkje er sjeldne, er aksel, bekk (om kjelde oppmura til brunn), brun, bukt, fjell, grunn, helle, hellar, hole, keile, kolle,

rygg, skjul (under hamrar o.l.), stig, sund, teig, varde, veg. Men øykommunen Værøy har berre tre matrikkelgardar og ei samla flatevidd på 17-18 kvkm, så marginane er små: Endå litt grundigare innsamling kunne nok bringe enkelte ord frå mellomskiktet meir fram i tēten. Det gjeld nok i endå høgare grad Røst, som fordeler sine 11,21 kvkm på i alt 304 øyar!

At sund, straum og øy er sjeldne ord, må vi forklare med at det ikkje ligg andre øyar like attmed sjølve Værøya. Dermed gjenstår berre Mosken, som har sitt eige, særmerkte namn, og Moskestraumen eller Mosk-straumen: Det siste er mest uttalerett, men då bør vi spandere bindestrek for å unngå å snåve i lydklumpen -skstr-!

I Røst er ord-"frekvensen" litt annsleis: bakke (oftast om fiskeplassar), bøe, fles, flu, grunn, helle, holme, håg (haug), lei, nakke, nes, nubb, odd, skalle, skjer, sund, tare, unge (små skjer sett i høve til eit større), varde, vær, våg og øyr: Ikkje uventa, alt dette fortel om sjøens landskap.

Elles er Værøy og Røst, like så lite som andre nordnorske kystkommunar, fri for samiske innslag i sine stadnamn. Men vi må her streke under at dette namnetilfanget ikkje har noko med nordsamar og reindrift å gjere - det er tale om gamle sjøsamedialektar, dvs. språket til dei sjøfinnane som ein gong levde side om side med dei norske langs heile nordlandskysten. Språkmerka i desse gamle namna peikar då også oftare innover i landet enn sørover og nordover. Det samiske innslaget finn vi oftast i førsteleddet: Sisteleddet er som regel eit vanlig norsk terrengord, som nok i mange tilfelle hadde fått sin heimstamnsrett også i sjøsamedialekten før denne vart borte for godt. I oppskrifter frå andre kystsamiske område kjenner vi i alle fall raskt igjen ord som bahko, hello, næssâ, viikâ osv., men vi kan sjølvsagt ikkje vente at slike former blir førte vidare av nokon norsktalande.

Ein god del av dei samiske namna har derimot overlevd, ikkje minst for di dei tilfeldigvis likna på ord i norsk som stod for noko ganske anna, men som vart knaggar å "henge opp" dei innarbeidde samiske namna på: Desse gjekk derfor ikkje rett på bossdungen, men kom til å leve vidare takk vere gammal vane. Det gjeld namneledd som Gull-, Hund-, Kjerk-, Kors-, Skum-, Skut-, Tjuv-, Vott- m.fl. Folk som i det heile har gjort seg slike refleksjonar, har med vekslande hell søkt etter litt gullglans på stader som heitte noko på Gull-, eller etter noko som likna eit kryss eller spir der det fanst namn på Kors- eller Kjerk- osv. Heller ikkje Pålan, Reka, Skiban, Skiten o.l. kunne for norsktalande tyde noko meir enn éin ting.

Stadnamna åleine avgjer neppe kven som kom først av nordmenn og samar, iallfall ikkje utan at arkeologi m.m. stør oppunder. Det er t.d. ikkje utan vidare klart kva for eit ledd som er det yngste i tautologien Gullfiskskallen (sam. guolli 'fisk'). Det verkar likevel unaturlig å hevde at først kom dei norske, seinare kom der så ei samisk folkegruppe og sette sine "avtrykk" i den norske namnefloraen! Slikt noko blir lite tenkelig

etter den norske rikssamlinga, som gav auka prestisje og gjennomslagskraft for norsk mål på alle samfunnsområde.

Enkelte av dei samiske terrengorda har dessutan ei slik nåtidsform at dei kan ha vore med på ferda bort frå det tidligare "kontinentale" systemet for lange vokalar i norsk: Så har det då også vore hevda at det var ein sterk tilbakegang for sjøfinnane i Nordland i tida 1100 - 1350.

Finn Myrvang
Bø i Vesterålen

NYTT FYLKESKART FOR HORDALAND

Ved siste årsskiftet vart det nye fylkeskartet for Hordaland i målestokk 1:250 000 sendt ut på marknaden. Kartet er produsert i samarbeid mellom Fylkeskartkontoret i Hordaland og Statens kartverk på Hønefoss. Ved framstillinga har dei nytta dataprogrammet SCITEX som konverterer dei kartografiske opplysningane i databasen til rasterformat. Programmet AUTOCAD er nytta til tekstdelen (namn og teiknforklaringar).

Med dette produktet har den digitale kartproduksjonen kome eit godt stykke vidare. Og resultatet ser svært så bra ut. Sjølv i denne mellomstore målestokken har dei topografiske detaljane kome uvanleg godt fram. Skuggelegging av søraustvendt brattlende gjev kartet eit nesten tredimensjonalt inntrykk. Busetnad, vegar og andre kulturinnslag stig klårt fram utan at det går ut over dei topografiske detaljane.

Kartet har òg med eit rimeleg stort utval av namn, prenta i lett leseleg, svart skrift. Når det gjeld *skrivemåten* av namna, er for det meste hovudkartserien i 1:50 000 (M711) frå Statens kartverk lagd til grunn, men eg har fått opplyst at Oddvar Nes ved Nordisk institutt i Bergen har gått gjennom namnelistene. Dei innvendingane som kan reisast mot skrivemåten, gjeld stort sett namn som er overførte frå M711-karta i uendra form.

For ein som sjølv har fungert som namnekonsulent, til dels for dei områda dette kartet dekkjer, kan det vera dristig nok å uttala seg på dette punktet. Men resultatet av normeringa på kartet samsvarar med eigne røynsler i normeringsarbeidet: Det er eit mødesamt og tidkrevjande arbeid å føra alle namn på offentlege kart fram til ein rett skrivemåte, fyrst og fremst av di opplysningane om uttalen ofte ikkje ligg for handa, men òg av di det i mange høve ikkje er uproblematisk å fastsetja kva som er "rett" ut frå regelverket.

Fyrst eit par ålmenne rettskrivingsproblem som det nok kan vera ulike meiningar om. Det som eg nemner her, har bakgrunn i den praksisen namnekonsulentane har

fylgd i seinare år (utan at Kartverket alltid har sett tilrådingane i verk). Stor bokstav bør nyttast i fyrste leddet i laust samansette namn som *Øvre Eidfjord* (kartet har *øvre Eidfjord*, men *Indre Arna*). Når ei form som *Bremnes in* er nytta, kan det ha kartografiske grunnar. I eit fullstendig namneregister ville det derimot vera rett å føra opp den meir fullstendige forma *Indre Bremnes*. (For ferjestaden her burde det elles stå berre *Bremnes*.) To- eller fleirledda namn med éin trykktopp bør mest mogeleg skrivast i eitt ord, t.d. *Nordhuglo*, *Sørhuglo* (kartet har *Nord-Huglo*). Når sisteleddet i eit laust samansett namn ikkje er namn åleine, bør det ha liten bokstav, t.d. *Ryvarden fyr* (kartet har *Ryvarden Fyr*).

Eg har sett litt nærare på namna i eit område eg er særleg fortruleg med, nemleg Hardangervidda. Resultatet er ei lang rekkje rangskrivne namn, dei aller fleste overførte frå karta i 1:50 000. Nedanfor tek eg med dei mest iaugefallande misskrivingane.

Kartform:	Rett skrivemåte:
Brottefonnshovet	Brottefonnshovudet
Fagerlisete	Fogerlii
Gjeronuten	Gjerenuten
Grotflott	Grjotfljått (utt. /-fljaott/)
Hadlaskard	Hallaskard
Holmevatnet	Holmavatnet
Kolletjørn	Kollstjørn (som M711)
Skinafjell	Skinfjellet
Skålnuten	Skålsnuten
Storabrot	Storabrått (utt. /-braott/)
Sælhe	Selhæ(d) (M711 Selhæ)
Vierslamyrene	Viersslamyrane (M711 Vierslamyrane)

At namnet på den kjende turisthytta *Hedlo* har kome ut som *Nedlo*, får ein sjå på som ein rein lapsus. Ei anna sak er at etter hovudregelen i føresegnene ville *Hella* vera ein korrekt skrivemåte. Men *Hedlo* tykkjest vèl innarbeidd som namn og kan forsvarast som eit "individuelt" namn, som dessutan er mykje nytta i skrift i denne forma.

Eg trur ikkje feilprosenten i namna frå Hardangervidda er representativ for resten av kartet. Og ved neste utgåve vil sikkert Kartverket syta for å retta dei feila som kan påvisast fram til den tid.

BH

NYE BRUNAMN OG TUNNELNAMN I MØRE OG ROMSDAL - KRIFASTNAMN

Fram til no har Møre og Romsdal vore det fremste ferjefylket i landet med over 50 ferjer og 100 ferjestøer. Namna på ferjestøene har vore naturnamn frå det nærliggjande området, og ferjene har hatt namn etter ferjesambanda. Den omfattande bygginga av bruer og undersjøiske tunnelar dei siste tjue åra vil etter kvart endre kommunikasjonstilhøva i fylket radikalt. Dei tre største av desse nye bru- og tunnelsambanda er Herøybruene (Herøybrua, Remøybrua, Rundebrua og Nerlandsbrua), tunnel- og brusambandet mellom Ålesund, Valderøya, Giske og Godøya, og no fastlandssambandet for Kristiansund, det såkalla Krifast, som bind saman Gjemnes, Bergsøya, Aspøya, Tingvoll og Kristiansund.

Slike store naturinngrep inneber ikkje berre endringar i kommunikasjonane, men også nylaging av stadnamn. Namna på dei nye bruene og tunnelane blir så ofte brukte at det er viktig at dei høver med lokal og norsk namneskikk. Det var derfor med stor forundring eg las tilrådinga frå vegsjefen i Møre og Romsdal 16. november 1989 om at prosjektnamna for Krifast burde bli permanente namn, nemleg *Gjemnessundet bru*, *Bergsøysundet bru*, *Straumsundet bru* og *Freifjordtunnelen*. Endå meir forundra vart eg over at Frei kommune, Tingvoll kommune og i realiteten Kristiansund kommune støtta framlegget frå vegsjefen. Berre Gjemnes kommune hadde eit avvikande syn.

Tre av desse namneformene - *Gjemnessundet bru*, *Bergsøysundet bru* og *Straumsundet bru* - er nemleg i klar strid med lokal og nasjonal namneskikk og gjeldande føresegner frå 1957 om offentlege namn, som også Statens vegvesen er pålagt å følgje:

> Stadnamna skal skrivast i samhøve med den norske uttalen på staden ... Bruken av bunden eller ubunden form bør retta seg etter målføret ...

I *Lov om stadnamn* frå 18. mai 1990 og i utkastet til forskrifter til lova, som skal gjelde frå 1. juli i år, er desse to punkta presiserte nærare:

> Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk ... (Lov om stadnamn, paragraf 4)

> Grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform, ubunden eller bunden form skal som regel rette seg etter målføret. (Forskriftene, paragraf 2, pkt. a)

I forskriftene er det også sagt kva som er meint med den nedervde lokale uttalen:

> Med den nedervde lokale uttalen er meint den uttalen som er munnleg overlevert frå tidlegare generasjonar, som har vore vanleg på staden og som framleis er i levande bruk.

Samarbeidsnemnda for namnegransking har dessutan rådd Kulturdepartementet til å ta følgjande punkt inn i forskriftene:

> Nye stadnamn skal mest mogleg følgje mønsteret for nedervde stadnamn i området og elles skrivast i samsvar med normeringsreglane i desse forskriftene.

Ved all offentleg namngjeving har det vore eit gjennomgåande prinsipp at namna skal høve på staden og vere i samsvar med andre stadnamn i same området. Eg trur det skal vere temmeleg vanskeleg å påvise at dei tilrådde namneformene er i samsvar med den lokale namnebruken og gjeldande føresegner eller med *Lov om stadnamn* med tilhøyrande forskrifter. Både den ubundne forma *bru* og trykk- og tonelagsmønsteret er unorsk. Ved naturnamn og stadnamn laga av naturnamn er den bundne forma gjennomgåande i Møre og Romsdal. At ein del administrative namn etter kvart har vorte brukte i ubunden form, endrar ikkje dette faktum, jfr. namn på fjordar, øyar, sund, fjell og nes. Norske samansette stadnamn representerer som regel éi tonelagsgruppe med eitt hovudtrykk, ikkje to som i desse tre namna. Dei ser heller ut til å rette seg etter engelsk trykkmønster. Dette kan ein sjå ved å endre "bru" til "Bridge" - t.d. *Gjemnessundet Bridge*. Men namna er vel heller reine skrivebordsnamn, dvs. prosjektnamn eller planleggingsnamn, som av ein eller annan uforståeleg grunn oftast bryt med norsk namneskikk. Etter at slike namneformer har fått feste seg i skriftleg bruk utan omsyn til daglegtalen, har det vore svært vanskeleg å få dei bort. Eg er temmeleg overtydd om at desse tre namna ikkje vil bli brukte i daglegtalen, jamvel om dei vil finnast i rutehefte og anna skriftleg materiale. Folk vil truleg nytte andre namn, som *Brua*, *Gjemnessundet* e.l.

Dei namneformene som Gjemnes kommune har gått inn for, er derimot i fullt samsvar med den lokale bruken og med gjeldande føresegner, nemleg *Gjemnessundbrua*, *Bergsøysundbrua* og *Straumsundbrua*.

Det mest påfallande med vegsjefens tilråding er likevel at han følgjer to ulike namngjevingsprinsipp for fire namn frå same sambandet. Namnet *Freifjordtunnelen* følgjer nemleg norske reglar, og i mange andre kommunikasjonsnamn i fylket har vegsjefen gjort det same, t.d. (frå sør og nordetter) *Herøybrua*, *Giskebrua*, *Godøytunnelen*, *Fannefjordtunnelen* og *Bolsøybrua*. Kvifor han har lagt seg på ei anna line her, er ikkje

lett å skjøne. I alle høve fortener han ros for å ha brukt lokale namn som utgangspunkt for ny namngjeving.

Eit brukande kompromiss for å unngå altfor lange kommunikasjonsnamn kunne vere å sløyfe ordet *-brua* og bruke naturnamnet direkte slik det er, altså *Gjemnessundet*, *Bergsøysundet* og *Straumsundet*. Noko tilsvarande er ofte gjort ved vegnamn ved å utelate nemninga *-vegen*, t.d. *Bøen*, *Holmen* og *Snippa*, som alle tre fungerer godt som gatenamn i Volda. Poenget er at den opphavlege tydinga ved slike kommunikasjonsnamn fort blir gløymd og namnet blir assosiert med staden. Stadnamn fungerer faktisk ofte best når vi ikkje veit kva dei tyder.

Eg vil tru og vone at namna ikkje er "klubbet", som det heiter i aprilnummeret av "Nytt fra Krifast", og at ein ventar med å tinge namneskilt. Etter *Lov om stadnamn* skal faktisk alle framlegg om nye offentlege namn til konsulentvurdering før endeleg vedtak blir gjort. Det vil tene saka at ein ikkje forhastar seg her. Det ville ta seg ille ut at Møre og Romsdal, som har teke mål av seg til å vere eit føregangsfylke når det gjeld innsamling og bruk av stadnamn, skulle gå i brodden for ei unorsk og ufolkeleg namngjeving.

Peter Hallaråker
Volda



Rekk eg ferja?

STATENS
KARTVERK

NAVNEREGISTER

FOR

KART I 1:50 000 OVER NORGE

SERIE M711

(TOPOGRAFISK HOVEDKARTSERIE)

Henv Statens kartverk
Pris kr 360.- pr. bind
N-3500 Hønefoss

(Sjå Nytt om namn nr. 12)

STADNAMN I STRAND

Namn i Strand er tittelen på ei bok Peter Barkve har gjevi ut med ca. 130 frittståande artiklar om stadnamn i Strand i Ryfylke. Artiklane har tidlegare vori prenta i avisa *Strandbuen*, og avisa har òg hjelpt til med å få stoffet ut i bokform. Boka er elles støtta av kulturstyret i Strand. Kvar artikkel handlar oftast om meir enn eitt namn, og som eit laust overslag vil eg tru Barkve kjem inn på ein 350-400 namn, og mange rett grundig. Stadene er lokaliserte på handteikna kart. Barkve seier sjølv at han berre har teki med eit utval av dei mest interessante namna, framfor alt dei eldste der tydinga ikkje ligg så opp i dagen. Gardsnamna er utelatne fordi dei alt er omtala i bygdesoga.

Boka inneheld ei mengd opplysningar om naturtilhøve, historie, næringsliv, folketru, hendingar o.l. Det meste og mest verdifulle har Barkve frå sjølvsyn og lokal tradisjon. Innafor ramma av tradisjonsstoff som grunnlag for namnetolking er boka eit lykkekast. Her blir eit heilt miljø rita opp stykke for stykke både med dei grøvre liner og med nøgda av treffande detaljar. Opplysningar om ordbruk og ordtyding fyller ut biletet av kvardagskulturen på ein fin måte. Samtidig må det understrekast at den munnlege tradisjonen ikkje kan gje fullgod støtte for språkhistoriske og etymologiske oppklaringar. Med dette i mente har Barkve passa på å la stoffet tala etter sin eigenart, og framstillinga må dømast ut frå det. Resultatet har vorti ei lesverdig og i beste forstand folkeleg bok om stadnamn i Strand. Eit minus er at boka ikkje har noko register.

KK

AVHANDLING OM ANGER-NAMNA

Professor Gösta Holm har i desse dagar gjevi ut avhandlinga **De nordiska *anger*-namnen** på Lund University Press (ISBN 91-7966-150-5). Boka er eit storverk på heile 800 sider. *Nytt om namn* vil omtala boka nærare i neste nummer.

TYNSET - EIT NORMERINGSPROBLEM

At *Tynset* skulle representera eit normeringsproblem, er vel framandt for dei fleste. Men om ein slår opp i NOU 1983:6 *Stadnamn* s. 65, vil ein finna at professor Jørn Sandnes (med støtte frå resten av Stadnamnutvalet) har gjort framlegg om at dette namnet bør skrivast *Tynn*set med dobbel n. Sameleis bør *Bindal* skrivast *Binn*dalen med dobbel n og bunden artikkel etter uttalen. Båe desse namna vert uttala med palatal

n, som då reflekterer opphavleg lang konsonant eller konsonantsamband. Det fyrste er laga til elvenamnet *Tonna* (med usikker tyding), det andre til eit elvenamn *Binna*, eldre *Birna*, jf. *bjørn*. I Norsk stadnamnleksikon (NSL) vert det peikt på at desse namna bør skrivast "Tynnset" og "Binndal". I dei fleste namna av denne typen har likevel ikkje NSL noka tilråding om å skriva dobbel konsonant - t.d. vert *Blakstad* (til eldre *Blakk-*), *Rognes* (jf. elvenamnet *Rogga*) skrive med enkel konsonant utan nokon merknad om skrivemåten.

Sjølv om det er gode grunnar for å skriva *Tynnset* og *Binndalen*, vil ei slik "retting" vanskeleg vinna fram. Det er eit nokså omstendeleg apparat som skal til for å endra kommunenamn og andre inndelingsnamn. Truleg må det til eit vedtak i kommunen for å få ei slik endring gjennom. (Rett nok kan Stortinget gjera vedtak om namneendring mot kommunen sitt ynske, men gjer det venteleg ikkje for å få inn ein dobbelkonsonant.)

Eit særtilfelle i administrativ samanheng er *Tunhovd* i Nes kommune. Dette namnet har ein nokså utbreidd skrifttradisjon med enkel n, men vart på rektangelkartet frå 1941 korrekt endra til *Tunnhovd* (slik òg i NSL). Ein reknar med at ein stomn *Þund* 'den svulmande' ligg til grunn. Etter ein lokal aksjon for å halda på "Tunhovd" gjekk Kulturdepartementet (den gong med Lars Roar Langslet som sjef) inn for *Tunhovd* (brev 22.7.1982).

Det ligg nok mange mogelege "Tun(n)hovd-saker" innbaka i namneverket. Sjølv om stadnamnkonsulentane primært skal gje sine tilrådingar på språkleg grunnlag, opnar dei gjeldande føresegnene og i endå større grad den nye namnelova for ikkjespråklege vurderingar.

Problemet gjeld altså særleg samansette namn med einstava føreledd med kort vokal føre etterledd som tek til med konsonant. Til vanleg vil ein ut frå ordtype og uttale kunna slå fast om ein har å gjera med eit slikt namneledd.

I norsk rettskriving er det ein vanleg regel at samansetningar laga av to sjølvstendige ord skal skrivast fullt ut, t.d. *fjellknaus*, *brannbil* (men aldri meir enn to like konsonantar etter kvarandre, altså *fjelli* av *fjell* + *li*). Dei fleste samansette stadnamna av denne typen vert skrivne etter same prinsipp: *Brattlia*, *Fjellstul*, *Folldalen*, *Sessvoll*, *Veggli*. Derimot skal dobbel konsonant som regel forenklast framfor ny konsonant i avleiingar og bøyingsformer, jf. subst. *hogg-hogst*, adj. *tynn-tynt* og subst. *hammar-hamrar*.

Når så mange gardsnamn førekjem med enkel konsonant i føreleddet i samansetningar av denne typen, kan det i somme høve ha bakgrunn i den sistnemnde rettskrivingsregelen (i så fall ofte mistolka). Men oftare har nok dette tilhøvet opphav i den danske skrivepraksisen med enkel konsonant der norsk ofte har lang konsonant, t.d. "Bratlie", "Fosland". Slike skrivemåtar førekjem ofte i slektsnamna.

Mange av desse skrivemåtane har vorte retta på kart etter kvart som normeringsarbeidet har skride fram, men mange har òg vorte ståande, m.a. av omsyn til innarbeidd skrifttradisjon, eller rett og slett av di konsulentane ikkje har vore påpasselege nok. I tillegg til døma ovanfor kan nemnast *Stokmarknes* i Vesterålen, *Skrukli* i Søndre Land, *Kjelsås* og *Kalbakken* i Oslo, *Knarvik* og *Natland* i Bergen (dei to siste har no fått rett form på kartet med *Knarrviki*, *Nattland*). Også der skrifttradisjonen skulle ha spela ei mindre rolle, vil ein finna talrike døme på denne stavingstypen, t.d. *Halset* (jf. *hall*), *Helset* (jf. *helle*), *Rapstad* (jf. *rapp*), *Skjegstad* (jf. *skjegg*), *Sletsrud* (jf. *slett*), *Kalhagen* (jf. *kalv*).

Utelaten genitivs-s finn ein òg mange døme på, t.d. *Knutset* (jf. *Knuts-*), *Kjelstad* (jf. *Kjetils-*). I det siste høvet ville *Kjellsstad* vera ein lydhistorisk og grammatisk rett skrivemåte, men opphopinga av konso-nantar verkar nok uvant.

Heilt firkanta reglar kan ein knapt setja opp her. Men desse få døma viser at stadnamnkonsulentane også i framtida skal få litt av kvart å bryna seg på.

BH

STADNAMN LANGS EIN GASSRØYRLEIDNING

Norsk Hydro prosjekterer ein gassrøyrleidning frå Rogaland til Austlandet med vidareføring gjennom Østfold til Sverige og har i den samanhengen gjeve Riksantikvaren i oppdrag å greia ut konsekvensane for kulturlandskapet. Utgreiingsarbeidet har særleg vore konsentrert om Nedstrand i Rogaland og Rygge i Østfold. Her er m.a. stadnamn tekne med som eit tema, og dette arbeidet har vore delegert til Høgskolesenteret i Rogaland (Nedstrand) og Avdeling for namnegransking i Oslo (Rygge). I båe kommunane har det vore utført innsamlingsarbeid i samband med prosjektet. I namnerapportane, som vart leverte til Riksantikvaren ved nyttår, vert det understreka at mange av dei kulturminna som stadnamna representerer, vil verta øydelagde eller reduserte om den planlagde røyrleidningen vert bygd.

GARDERMO-PROSJEKTET

I samband med utbyggingsplanane for den nye storflyplassen på Gardermoen har Luftfartsverket løyvt midlar til ei rekkje prosjekt omkring kulturlandskapet på Romerike, med særleg vekt på dei to kommunane Nannestad og Ullensaker. Føremålet er å greia ut kva konsekvensar større landskapsinngrep kan få for kulturlandskapet. Til eit delpro-

sjekt om stadnamn er det sett av 350 000 kroner, og det er den største summen som nokon gong er sett av til denne disiplinen i samband med ei utbygging. (Eit tilsvarande stadnamnprosjekt var under planlegging for Hurum, men det vart uaktuelt då flyplassplanane her vart skrinlagde.)

Avdeling for namnegransking ved Universitetet i Oslo skal stå for prosjektet. Det er sett ned ei styringsgruppe, og frå 1. juli og 8 månader frametter skal det engasjerast ein prosjektleiar i full stilling. Frå mai i år er det tilsett ein person til å ta seg av dataregistrering av namnemateriale. Innsamlingsarbeidet kom i gang ved byrjinga av året og vert utført hovudsakleg av lokale innsamlarar. I tillegg til at det innsamla tilfanget skal nyttast som grunnlag for rapporten, skal det tena som ein databank for stadnamn til vitskapleg og praktisk bruk, m.a. ved ny namngjeving.

Alt til hausten skal det utarbeidast ei førebels konsekvensutgreiing med grunnlag i stadnamna, og på nyåret skal ein meir fullstendig rapport leggjast fram.

BH

DATAREGISTRERING AV KILDEMATERIALE I RÆLINGEN

I *Nytt om namn* nr. 10 - 1989 hadde undertegnede to artikler om henholdsvis bruk av edb i innsamlingen av stedsnavn og registrering av bl.a. manntallslister, folketellinger og kirkebøker på data i Fet kommune i Akershus fylke. Registreringsarbeidet blir utført av *Lokalhistorisk ressurssenter i Fet*, som ble opprettet i 1986 og blir drevet av undertegnede.

Et tilsvarende registreringssenter er nå i ferd med å bli etablert i nabokommunen Rælingen. Undertegnede har tatt initiativet til opprettelsen av dette senteret, som er et samarbeidsprosjekt mellom kulturkontoret, skolekontoret, folkebiblioteket og den videregående skolen. Dataregistreringen blir utført i samarbeid mellom Rælingen bibliotek og Rælingen videregående skole under ledelse av skolebibliotekar Kari Seeberg. Bygdebokforfatter Lene Skovholt vil kontrollere det innskrevne materialet. En er nå i gang med å overføre folketellingen for 1865 til data. Fra før har kommunen en database for folketellingen av 1801, en for løse fornminner og en for stedsnavn. Den sistnevnte blir oppbevart i Avdeling for navnegransking ved UiO. Stedsnavna er skrevet inn i programmet FELTED, mens de andre registreringene blir gjort i RUBREG.

Registreringssenteret i Rælingen vil få overført navnesamlingen fra Avdeling for navnegransking, og den vil bli innlemmet i det lokalhistoriske arkivet sammen med de andre databasene. Amanuensis Kåre A. Andersen ved Avdeling for lingvistikk og filo-

sofi ved UiO, som har laget programmet RUBREG, vil overføre navnesamlingen fra FELTED til RUBREG.

Databasene vil sammen utgjøre et unikt kildemateriale som vil bli tilgjengelig flere steder. Materialet vil bli stilt til diposisjon både for grunnskolen, den videregående skolen, besøkende ved folkebiblioteket, slektsgranskere, historieforskere, navnegranskere og andre interesserte. Etter initiativ og mønster fra Lokalhistorisk ressurssenter har grunnskolen og den videregående skolen i Rælingen begynt å utarbeide undervisningsopplegg som skal integreres i historieundervisningen fra høsten.

Undertegnede håper at opprettelsen av dette registreringssenteret vil stimulere til flere slike tiltak. Vi bidrar gjerne med hjelp.

Wigo H. Skråmm og Nils Steinar Våge

GARDSNAMN SOM ADRESSENAMN

Den 8. april vedtok kommunestyret i Eigersund at alle eigedomar i kommunen skulle tildelast adresser, og at det utanfor tettbygde strok skulle nyttast gardsnamn (pluss nummer) som adresse.

Dette er eit einestående vedtak, men er faktisk i tråd med ei fråsegn Samarbeidsnemnda sende til Kulturdepartementet i 1988: "Gardsnamna er ein del av kulturarven på bygdene. Kommunane bør derfor så langt råd er unngå å skifte dei ut med vegnamn og nummer ved adressetildeling - slik dei nye reglane gjev høve til" (sjå *Nytt om namn* nr. 9, 1989, s. 8).

For den lokale namnetradisjonen er dette tvillaust eit positivt vedtak, men det vil by på ein del praktiske problem når det skal gjennomførast. Oppmålingssjef Terje Grastveit i Eigersund opplyser til *Nytt om namn* at Teknisk etat ikkje ser korleis denne oppgåva skal løysast. Han hevdar at det vil verta kronglete å ta seg fram når gardar som ligg spreidd, skal inn i adressesystemet med eigne namn. Han trur gjennomgåande adresseparsellar vil vera mest praktisk for folk som leitar etter ei adresse. Lokalfolk vil likevel nytta gardsnamna.

STADNAMNINNSAMLING I TANA

I to år har gardbrukar Terje Pedersen samla samiske stadnamn i Vestertana, melder avisa *Sagát* 16.1.1991. Arbeidet kom i gang som eit ledd i innsamling av lokalt kulturhistorisk stoff i samband med M87 (Mønsterplanen) ved Vestertana skole. Resultatet

ligg no føre i eit rikt illustrert hefte som blir brukt i undervisninga på skolen. Pedersen fortel til avisa at namna stort sett kan delast i to grupper. Den eine er namn som tek utgangspunkt i terreng, vegetasjon og bruksmåte. Den andre er namn som er knytta til ein person eller familie, t.d. *Rávdná njunni* og *Nillá njarga*. Men i begge tilfella kan den konkrete namngjevingsgrunnen vera ukjent i dag. Stundom er både det ordsemantiske og det namnesemantiske grunnlaget uforståeleg.

NY BOK OM PERSONNAMN

Anne Svanevik og Johan Fredrik Køste: *Den store navneboken*. 237 s. Sandviks Bokforlag. Stavanger.

1990 fekk vi ei ny populærvitskaplig namnebok, *Den store navneboken*, av Anne Svanevik og Johan Fredrik Køste. Boka inneheld 3500 namn, og er såleis noko meir omfattande enn tidligare namnebøker av dette slaget. Det framgår av omslaget på boka at ho primært er retta mot foreldre som lurer på kva for eit namn dei skal gi barnet, men eg vil tru at også andre enn foreldre som skal velje namn, vil finna mye interessant lesestoff. Ettersom boka vender seg til eit breitt publikum, må ho nødvendigvis vera populærvitskaplig. På dette punktet synes eg boka stort sett er vellykt. Språket er lett forståelig, og det er lite av vanskelige fagord. Ei rekkje artige illustrasjonar støttar opp under sentrale poeng i boka.

Av forordet går det fram at Anne Svanevik har skrivi det lengste og mest arbeidskrevjande kapitlet, dvs. kap. 2, som inneheld opplysningar til alle dei 3500 namna. Ho har også hatt "det faglige ansvaret for de opplysningene ellers i boken som grunner seg på seriøs navnevitenskap. Det andre står hun ikke ansvarlig for". Ut frå desse formuleringane i forordet ligg det i korta at boka kan bli av vekslande kvalitet om medforfattaren ikkje har namnefaglig forankring. Eg kjem nærmare inn på dette seinare.

Boka har 18 kapittel. Det største er naturlig nok det kapitlet som inneheld dei alfabetiske namnelistene (kap. 2) - éi liste for gutenamn og éi for jentenamn. Ettersom boka primært er retta mot foreldre, er denne todelinga praktisk. Om det t.d. er ei jente som skal ha namn, kan jo foreldra konsentrere seg om jentelista. I ei meir vitskaplig innretta bok ville det derimot ha vori meir praktisk at alle namna kom i same lista. Dermed kunne ein bl.a. få betre oversyn over namn som er relatert til kvarandre, t.d. *Josef*, *Josefa* og *Josefine*. Opplysningane til kvart enkelt namn får vanligvis plass på éi linje. Her får foreldra veta kva for språk namnet kjem frå, og kva det tyder. Ved somme namn finn dei òg oppgitt namnedag eller tilvisingar til meir utførlige opplysningar seinare i boka. Det er også krysstilvising for variantar, t.d. frå *Cornelia* til *Kornelia*. Oppstillinga er klar og pedagogisk.

Heidensk møter kristent
(ill. frå boka)

Det er ikkje til å unngå at det kan snike seg inn ein og annan feil i ei liste på så mange som 3500 namn. Såleis manglar det tydingsopplysningar til *Desire*. Dessutan stussar eg over at eit så sjeldsynt namn som *Canutus* (latinisering av *Knut*) er tatt med i lista ettersom det reint allment er gjort merksam på at sjeldsynte namn ikkje er tatt med. På grunnlag av namnemateriale bearbeidd ved Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, kan eg nemlig ikkje sjå at *Canutus* er brukt på 1900-talet.

To kapittel (3 og 11) gjeld juridiske tilhøve i samband med namn. Desse kapitla kunne nok med fordel ha vori samordna. Etter sjølve lovteksten (kap. 3) kunne ein da fått presentert døme på "lovlige" og "ulovlige" namn. Elles er det ein styrke for boka at Svanevik både her og andre stader kan bygge framstillinga på eiga forsking.

Kapittel 4 handlar om kva for språk ein del sentrale namn går tilbake til, t.d. hebraisk, gresk og latin. Også på dette punktet synes eg at disposisjonen kunne ha vori strammare, for vi må nemlig vente til kap. 7 før vi får lesa om eit til dels overlappande emne (klassiske namn og helgennamn). Desse har jo oftast hebraisk, gresk eller latinsk opphav.

Det er verdifullt at boka har eit eige kapittel om namnepopularitet (kap. 8). Her har forfattarane kunna bygge på det arbeidet som er gjort ved Nordisk institutt, Universitetet i Bergen - fyrst under leiing av Kolbjørn Heggstad, deretter av Ivar Utne. Eg har inntrykk av at det for foreldra speler ei viss rolle kor vanlig eit namn er. Somme vil kanskje ha eit vanlig namn - andre eit meir uvanlig. I slike tilfelle er det da ein for-

del at ein kan ty til dei 20-på-topp-listene som er presentert i boka. Ein av dei fyrste som ville låne boka av meg, ville såleis veta kor vanlig Hallvard var i dag. Om det var for vanlig, ville han og kona heller velja eit anna namn til sonen sin.

I dette kapitlet kan ein få oversyn over dei vanligaste namna på landsbasis - ikkje berre i dag, men også i tidligare periodar dei siste hundre åra. Dessutan finn ein ranglister frå ulike periodar for somme fylke og byar. Når Rogaland er særlig godt representert i denne samanhengen, kjem vel det av at namneboka er utgitt i Stavanger. Derimot vil ikkje trønderar finna namnelister frå sin landsdel - når ein da ser bort frå dei som bur i Trondheim.

To kapittel (5 og 9) gjeld hovudsaklig eigenskapar knytt til namnet. Foreldre som litt usystematisk smaker på litt her og der i boka, kan kanskje stusse over at dei to stader i boka kan lesa om eigenskapar knytt til namnet. Dei kan òg finna nokså like underpunkt, t.d. "De sterke og dristige" (kap. 5) og "De med styrke og pågangsmot" (kap. 9). Noko forvirra kan dei òg bli når same namnet, *Kyrre*, den eine staden er tildelt eigenskapen "fredelig, rolig" (s. 136) - den andre "styrke og pågangsmot" (s. 186). Også overskriftene på dei to kapitla kan bidra til denne forvirringa: "Om stridig kjærlighet og fredsommelig bråk" og "Yndig som Lisa eller myndig som Borghild". Her burde Køste, som har ansvaret for kap. 9, i innleiinga til dette kapitlet gjort det heilt klart for lesaren at eigenskapar knytt til eit namn kan sjåas frå ulike synsvinklar:

A. Eigenskap som namnet opphavlig viser til, t.d. *Kyrre* som kjem av norrønt *kyrr* som tyder 'fredelig'.

B. Eigenskap som folk i dag assosierer til namnet, t.d. at somme (som Køste) forbind *Kyrre* med "styrke og pågangsmot".

Som Køste sjølv peiker på, er det sterkt subjektivt kva slags assosiasjonar folk har til eit namn. Ut frå dette seier han at kapitlet i grunnen burde ha vori skrivi "av hver enkelt leser" (s. 186). Hovudføremålet til Køste har tydeligvis vori å få lesarane til å tenkje over slike sider ved namnevalet. Sjølv om det for lesarane kan vera freistande nok å gi seg i kast med slike spekulasjonar, er eg likevel kritisk til å ha med eit slikt kapittel - iallfall i den forma det har nå. Når ei namnebok har med eit eige kapittel om assosiasjonar til namn, kan slike "namnetolkingar" lett få ei "autorisert" tyngd. Særlig uheldig er det da for dei som er tildelt mindre smigrande karakteristikkar. Såleis trur eg ikkje leiaren i Norsk namnelag, Botolv Helleland, er særlig begeistra over å bli tildelt eigenskapen "mosegrodd", som boka oppgir for *Botolv*.

Også i det etterfølgjande kapitlet (kap. 10) synes eg Køste er for subjektiv. Han fører her opp ein del namn (21 jentenamn og 24 gutenamn) som han ser på som over-

klassenamn. Han seier at utvalet "gjenspeiler forfatterens personlige synspunkt og smak", men eg synes han burde ha venta med slike lister til det ligg føre meir seriøs gransking av tilhøvet mellom namneval og sosial stilling i Noreg. I dette kapitlet kjem han også inn på såkalla situasjonsbestemte namn som *Orkana Norvesta* og *Republica Norvegia*. Eg har ei kjensle av at ein del slike namn er oppfunne av skjemtegaukar. Slike namn kan ein òg høre ute blant folk, men når ein undersøker nærmare, får ein problem med å finna att slike namn i kjeldene. Ifølgje Køste skulle Republica Norvegia vera født i 1904 og Orkana Norvesta i 1929 (på Lopphavet). Eg har ikkje klart å finna att desse namna blant dei ca. 30.000 namneformene som er systematisert ved Universitetet i Bergen (perioden 1900-1974). Eg tviler òg på autentisiteten til den namnerekkja som Køste oppgir for dei tre barna av foreldre som gjekk inn for kristen føremålsparagraf i skolen: *Kristin*, *Folke*, *Skule*. Men morosamt er det naturligvis å høre om slike namn.

Mot slutten av boka finn ein greie oversyn over namn brukt i sitat, kjente uttrykk og songar. Det er også eit kapittel om namn i ein del kjente bøker (inkl. barnebøker). I kap. 13 ("Navnedager") får vi presentert den namnedagskalenderen som bygger på helgenkalenderen. Her kunne ein naturligvis ha ønskt seg den nye namnedagslista som Kristoffer Kruken har utarbeidd for Almanakkforlaget, og som no blir nytta i dagspressa og ein del andre samanhengar. Men lista burde berre trykkast med den klåre reservasjon at ho ikkje er offisiell.

"Den store navneboken" gir svar på dei fleste spørsmåla som foreldre kan stille når dei skal gi namn til eit barn. Det er ikkje mye eg saknar. Det kunne t.d. ha vori aktuelt å få oppgitt uttalen ved somme namn, men dette finn ein ikkje i andre namnebøker heller - ikkje eingong i *Norsk personnamnleksikon*. Skal ein uttala t.d. *Ketil* med /k/ eller kje-lyd? Skal *Jane* uttalas bokstavrett (som vi gjorde til ein medelev i folkeskolen) eller skal ein ha engelsk-inspirert uttale? Skal *Eli* ha tonelag 1 eller 2? Skal *Synnøve* ha trykk på fyrste eller andre staving? Her er ein på veg inn i eit minefelt, og om det skulle vera med eit eige punkt om uttale, bør dette etter mitt skjønn vera utforma liberalt slik at ein opnar for fleire mulige måtar å uttala eit namn på. Dette vil i så fall vera parallelt med den store valfridommen ein har når det gjeld stavemåten av eit namn.

Trass i somme kritiske merknader ovafor vil eg tru at folk flest vil ha mye glede og nytte av denne namneboka. Det er nok særlig foreldre som treng namn til ein nyfødt, som vil kjøpe denne boka, og her har dei eit rikt mangfald å smaka på. Når dei så til slutt har gjort "det lykkelige val", trur eg det viktigaste føremålet med boka er oppnådd: Å gi foreldre eit godt grunnlag for å finna fram til eit høvelig namn til den håpefulle. Eg ser det som prisverdig at forlaget til dette populærvitskaplige bokprosjektet knytte til seg ein namneforskar. Men Anne Svanevik burde ha vori utnytta meir slik

at også dei kapitla som eg har hatt kritiske merknader til, kunne ha legi på eit namnefaglig forsvarlig nivå.

Gulbrand Alhaug
Tromsø

PERSONNAMN I TRØGSTAD

Bygdebokkomiteen i Trøgstad i Østfold har nyleg gjevi ut ei fin lita namnebok med tittelen *Vi og våre tipper. En annerledes navnebok*, redigert av Bjørn Borud og Ove F. S. Moe. Boka viser gammal og ny namneskikk i Trøgstad i oversiktlege lister. Først er alle namna frå dåpsregisteret i kyrkjeboka ca. 1780-1900 oppførte alfabetisk med talet på namneberarar. Deretter følgjer ei frekvensordna liste for det same materialet. Til samanlikning er det så teki med tilsvarande lister over namna på alle som var busette i Trøgstad i 1988. Dei namna som finst berre i det eldste materialet, er merkte med -. Dei som er nye i 1988-listene, er merkte med +. Det er sams lister for manns- og kvinnenamna. Eit eige kapittel viser eingongsnamn i eldre tid.

Det eldste materialet omfattar ca. 8000 personar og ca. 900 ulike namn, det nye ca. 5000 personar og ca. 2700 ulike namn. Namneformene er ikkje normaliserte, slik at *namn* her vil seie *skriftform*. Alle kombinasjonar av dobbelnamn er òg førte opp. Framstillinga gjev såleis eit detaljert bilete både av namnebruk og skrifttradisjon. Dette er det beste sett frå vitskapleg synspunkt, men det kan vera ein viss fare for at ein i snaringa overser skilnaden på lemfeldig skriveskikk og røynleg *bruk* av namn. Oppsettet fører m.a. til at endringane frå den eldste perioden til 1988 blir kunstig store. Problemet melder seg òg i kapitlet om sjeldne namn, der det sjeldsynte ofte gjeld berre skrivemåten, ikkje sjølve namnet, såleis i tilfella *Reyer* og *Seperian* for dei vanlegare *Rejer* og *Syprian*. Men har ein ikkje plass til å føre opp både normalform og skriftform, er det også i ei bok for allmenta fullt forsvarleg å la skriftformene stå. Det er elles interessant å sjå at nett *Syprian* har hatt så sterkt feste i Trøgstad, med ca. 20 førekomstar i tida 1780-1900. Utanfor Søraustlandet har det vori nære på ukjent.

Boka hadde vori enda meir opplysande om den eldste perioden hadde vori splitta opp i stuttare bolkar, slik at ein hadde sett eventuelle skiftingar i namngjevinga utetter 1800-talet. Dette er generelt rekna for ei nybrotstid i norsk namnebruk, men likevel med klåre skilnader mellom kyst og by på den eine sida og bondebygd og innland på den andre. Korleis står Trøgstad i dette biletet?

Dei små merknadene eg har til framstillinga, skal ikkje koma i vegen for at dette er ei svært verdifull bok som Trøgstad kommune og kulturkontoret der har all ære av. Boka gjev faktisk enda meir enn det den originale tittelen lovar. Tiltaket bør inspirere andre kommunar til å gjera like eins.

KK

NAMNEBOKA

er tittelen på ei rykande fersk personnamnbok frå Det Norske Samlaget, redigert av Olav Veka. Boka er på 175 sider og inneheld over 3000 namn med språkleg forklaring og historiske og geografiske opplysningar. Det er særskilde kapittel om namngjeving med råd og rettleiing om god namnebruk, namnelov og namnedagar og elles mykje statistikk over førenamn frå nyare og moderne tid. Boka kostar 148 kroner. *Nytt om namn* kjem med ein fyldigare omtale i neste nummer.

"KVA SKAL BARNET HEITE?"

heiter ein liten grøn brosjyre som Tynset og Alvdal Mållag nyleg (i 1990? - årstal manglar) har gitt ut. Føremålet er å gi litt rettleiing til dei som skal gi nyfødde nordøsterdølar namn. Men brosjyren fortener å bli lesen av fleire enn dei.

Naturleg nok er trykksaka sterkt normativ. Namna som er "strødd" kring spedbarnet på fyrstesida - Rosetta, Edvin, Alexander, Ebenesar, Ola, Mali, Goro, Chrystle, Jeanette, Avle, Bersvend, Oline og Marit -, gir ikkje mykje rom for tvil om kva for namn utgivarane oppfattar som bra og mindre bra.

Etter klisjeen "Namnet skjemmer ingen" opnar utgivarane med å slå fast at det er "... viktig at barnet får eit godt og slitesterkt namn. Namnet blir ein del av personlegdommen, og barnet skal trivast med det gjennom eit langt liv". Fantasi er bra, men det er best å vere litt jordnær når ein skal velje namn.

Vi får òg vite litt om gamle skikkar for oppattkalling. Desse skikkane gjorde namnevalet lettare før enn no, iallfall til dei fyrste borna i syskenflokken. No er det oftast andre forhold som avgjer kva barnet skal heite, og i vår tid skiftar namnemotane fortare enn nokon gong før. Brosjyren oppmodar til å passe på at førenamn og etternamn høver i hop. (*Slektsnamn* er den juridisk rette termen og burde vore nytta i staden for *etternamn*.) Eit velvalt døme på det motsette er Desirée Øvstimostugun.

Vidare bør ein ta seg i vare for å velje problematiske stavemåtar. Det gjeld til dømes stumme bokstavar (*h* i Thor og Grethe), bokstavar og bokstavkombinasjonar som er framande i norsk (*ch* for *k* i Christian og Michael, *ph* for *f* i Philip og *x* for *ks* i Alexander). Likeins rår utgivarane med god grunn frå å bruke namn med framand aksent: Helén, André, René og Irén.

Kva for namn bør ein så velje? Dei to mållaga i Nord-Østerdalen slår eit slag for den lokale namneskikken. "Det er nok å ta av," seier dei, og ramsar opp - kanskje litt for ukritisk - ei lang rekkje "lokale" namn. Fleire namn som òg er særs vanlege i landsmålestokk, er med blant desse "lokale" namna, til dømes Kirsti, Morten, Martin, Kari, Ola, Hans, Lars, Margit, Arne, Per, Asbjørn, Inga, Ingeborg, Erik, Berit og Marit. Heller ikkje Jo, Oline, Hågen (dansk skrivemåte, den tradisjonelle dialektforma i Nord-Østerdalen er Håkkå), Gudlaug, Gjertrud, Annar, Olov, Modgunn og Guri er særmerkte for Nord-Østerdalen. Det regionale perspektivet høver derimot godt på døma Mali, Goro, Bersvend, Esten, Simen og Berte.

Namnet skjemmer ingen, heiter det. Likevel er det viktig at barnet får eit godt og slitesterkt namn. Namnet blir ein del av personlegdommen, og barnet skal trivast med det gjennom eit langt liv.

Utgivarane meiner også at meir sjeldne lokale namn som Nanfrid, Avle, Magnvor, Gurin, Sønvis og Blostrup bør haldast i hevd. Med rette, tykkjer eg, bortsett frå det sistnemnde. Lokalt namn aldri så mykje - etter mi meining er det viktigare å ta omsyn til barnet som skal bere namnet. Eit namn som Blostrup vil truleg bli til ulempe for namneberaren utanfor den snevre krinsen der namnet er kjent.

Trass i desse små innvendingane: Tiltaket med ein slik brosjyre bør følgjast opp andre stader i landet. Noreg har mange lokale namneskikkar som står i fare for å bli gløymde dersom ingen driv marknadsføring av dei.

Brosjyren "Kva skal barnet heite?" kan tingast frå Tynset Mållag v/Randi Arnestad Horten, 2510 Tylldalen, tlf. 064/86034.

Anne Svanevik
Oslo

FINNEMANNTALET 1686

er nyss (Oslo 1990) utgjevi for Kjeldeskriftfondet av Erik Opsahl og Harald Winge. Dette er den første fullstendige utgåva av manntalet. Pålegget (reskriptet) om manntal over finnane kom i desember 1685, og opplysningane skulle sendast til kanselliet i København innan tre månader. Manntalet skulle innehalde namn på kvar finne, tal på personar i husstanden, om finnen hadde løyve til å vera på staden, om bøndene hadde skade eller fordel av det, om finnen budde på rydningsplass eller ikkje, om han betalte noko for staden, og om han møtte ved ting og kyrkje. Føremålet var å få oversikt og kontroll over finnane. Særleg vart driftsforma deira, svedjebruket, rekna for ein trussel mot den veksande tømmer- og trelastnæringa.

Manntalslistene svarar stort sett på dei spørsmåla som reskriptet stilte. Men den stramme tidsfristen gjorde at ein ikkje fekk synfart skogane med tanke på eventuell skade av svedjebruket. Manntalet gjev opplysningar om både menn, kvinner og barn og er såleis meir ei folketeljing enn eit "manntal". Pålegget om teljing gjaldt for heile landet, men materialet har store lakuner, også frå Austlandet, som hyste dei fleste skogfinnane. På den andre sida har det komi med opplysningar om sørsamane i Trøndelag, truleg på grunn av den dobbeltydige termen *finnar*. For namnegranskinga er opplysningane om familietilhøve og personnamn av største interesse, medan tilfanget av gardsnamn og andre stadnamn ikkje har verdi som originalmateriale i same grad. Historikarar og etnologar vil òg ha ei rik kjelde i dette manntalet.

Utgåva følgjer originalen bokstavrett. Boka har sakregister, stadnamnregister og personregister. Personane er oppførte både etter førenamn og gards- eller slektsnamn. Namna er skjønsamt normaliserte ut frå etymologi og dominerande namneformer i dag.

KK

REVIDERT NAMNEDAGSKALENDER

Steinar Maria Kaas' universalalmanakk (sjå *Nytt om namn* nr. 12, s. 27) har komi i ny, omarbeidd utgåve under tittelen *Navn og dag. Navnedagsbok - navneleksikon - fødselsdagbok*. Boka er skriven for året 1991, men er lagt opp slik at ho kan brukast uavhengig av årstal frametter. Stoffet er skipa kalendarisk og omfattar både dei gamle helgennamna på sine tradisjonelle datoar og nordiske og andre profane namn som ikkje har hevd i namnedagstradisjonen. Til saman tek Kaas med 3148 namn og namneformer med ei stutt språkleg forklaring av dei fleste namna. Tydingane verkar jamt over pålitelege. Utvalet av nordiske namn er òg i all hovudsak representativt for bruken i dag, det eg kan sjå. Kvar dato har attåt namna fått eit karakteriserande uttrykk og eit ordtak. Ivar Aasens fødselsdag - 5. august - er såleis "Vanviddets dag", og Magnus Olsens fødselsdag - 28. november - er "Oppgjørets dag". Dei fleste av dei historiske opplysningane som stod i førsteutgåva, er tekne ut. Dette er praktisk sett ei vinning, men for den anekdotisk nyfikne eit tap. Reduksjonen har utan tvil gjort boka klårare og meir oversiktleg, og ho er i det heile tiltalande å bla i. Eit pluss for bruksverdien er det òg at alle namna er oppførte alfabetisk til slutt med tilvising til dato.

KK

BOK OM KUNAMN

På ettersommaren gjev Landbruksforlaget i samarbeid med Norske Melkeprodusenters Landsforbund ut ei bok om norske kunamn med tittelen *Gullhorn og dei andre - kunamn i Noreg*. Boka er skriven av Asbjørn Karbø og Kristoffer Kruken og blir på ca. 160 sider. Materialet er alle namna som vart registrerte i kukontrollen i heile landet i 1988, i alt vel 26.000 namn (medrekna ulike skrivemåtar) fordelte på ca. 354. 000 kyr. Dei viktigaste kapitla omhandlar namn kontra nummer, eldre granskingar av kunamn, moderne namngjevingsskikk, namnetoppen på landsbasis i 1988, tydingsgrupper, etterledd (*-lin*, *-ros* osv.) og namnetopp og spesielle namn i dei einskilde fylka. Hovudvekta ligg på presentasjonen av materialet i ei oversiktleg form, og i eit register til slutt blir alle namna førte opp alfabetisk med frekvens. Boka er skriven for allmenta, men vil vonleg òg vera av verdi for namnegranskinga og for nabofag som lokalhistorie, etnologi og folkeminne. Boka blir rikt illustrert.

STUDENTARBEID OM NAMN
Mellomfag i Oslo

Jørund Folstad: *Utmarksnamn frå Hovin i Gauldal.* Semesteroppgåve våren 1990.

Oppgåva omfattar 180 namn frå utmarka sør og sørvest for Hovin i noverande Melhus kommune. Namna er innskrivne på edb og analyserte i samsvar med "Skjema for edb-registrering av stadnamn" (vedlagt *Nytt om namn* 9, 1989). Heile materialet pluss ØK-kart som viser lokaliseringa, følgjer oppgåva i vedlegg. Folstad gjev først eit oversyn over grunnorda, 43 i talet, der *bekk, dal, mo, myr, voll* og *ås* med til saman 95 namn på ein slåande måte karakteriserer landskapet namna er henta frå. Deretter drøftar han førsteledda ut frå tydingsgrupper som skap, storleik og utsjånad, lægje, dyrenamn og personnamn. Vi får atter stadfesta at bjørnen er det dyret namna fortel mest om (5 namn). Folstad konstaterer elles med ei viss undring at hauk og lom er dei einaste fugleslaga som har sett spor i namna. To eigenarta namn er *Tvibotntjønna* og *Tvibotndalen.* Folstad peikar med rette på at dei truleg har med trolldom (eller heller folketru) å gjera. Realgrunnlaget er vel derimot meir usikkert enn det han gjev uttrykk for. Grupperinga slår stundom uheldig ut, som når relasjonsnamna *Nordstuåsen* og *Søstuåsen* blir sette saman med *Ner-Bløtmyra* o.fl. under lægje. Dei etymologiske forklaringane kunne òg ha vori stramma litt opp.

Finn Folke Thorp: *Villa- og andre bustadnamn på Ljan.* Semesteroppgåve hausten 1990.

Da Østfoldbanen vart opna i 1879, vart Ljan eit attraktivt område for folk i Kristiania som hadde råd til skaffe seg eige hus utanfor byen. Villautbygginga på Ljan gjekk snøgt, og alt i 1893 hadde staden 430 innbyggjarar. Tidlegare hadde det vori spreidd gards- og plassbusetnad der. Thorp har registrert 143 namngjevne villaer på Ljan fram til 1920-åra. Namna kom til ved ei personleg eller familiebasert avgjerd og skil seg såleis frå dei tradisjonelle bustadnamna, som til vanleg er framvaksne naturleg i eit brukarmiljø. Språkleg følgjer villanamna i dei fleste tilfella riksmålet, som var innflyttarane sitt mål både i skrift og tale. Men her er òg innslag av nynorske former, t.d. *Sjåheim* og *Ljosheim.* Namna vitnar i det heile om vide impulsar og kvik skaparevne, der ikkje eingong det hypernasjonale vart forakta. Som ytterpunkt kan nemnast *Maggihill* frå engelsk og *Vølund* frå norrønt. Samtidig finst det talrike døme på sjablonarta etterledd som *-lyst, -ro, -borg* og *-lund.* Føreledda viser stundom til tilhøve på staden, som *Furu-, Birk-* og *Gran-,* men namngjevarane har nok jamt over tenkt meir på den kulturelle og litterære signalverdien enn på den lokale forankringa. Det litterære preget viser seg òg i at berre 43 namn (30%) har bunden form. Til slutt vurderer Thorp namnema-

terialet sitt i høve til dei krava Per Hovda (i *Fram daa, Frendar* 1953) har stilt til gode villanamn. Berre dei færraste namna på Ljan held mål i dette perspektivet.

Sissel Breievne: *Inn- og utmarksnamn på garden Breidemne, Strandebarm i Hardanger.* Semesteremne hausten 1990.

Breievne tek for seg 123 namn frå dei to bruka som garden Breidemne er delt i. Ho grupperer dei først etter kultur- og naturkodar slik det har vorti vanleg i nyare stadnamnoppgåver. Namna fordeler seg om lag likt på dei to kodegruppene. Fleirtalet av naturnamna gjeld høgder av ymse slag, resten viser stort sett til materiale (*bekk, myr* o.fl.). I kulturnamna har åker-, eng- og beitelokalitetar ein framskoten plass. Dei fleste namna er samansette og står i bunden form eintal. Tilfella med ubunden form ser interessant nok ut til gjelde berre namn med bestemte grunnord, m.a. *berg* og *skor*. Samansetjingsleddet er jamt fordelt på *-a-*, *-e-*, *-s-* og *-0-*. Ei jamføring mellom bunden/ ubunden form og samansetjingstype hadde vori ønskjeleg, men sidetalet for ei slik oppgåve gjev ikkje rom for fleire moment enn dei Breievne har teki med. Det er i alt 50 relasjonsnamn i materialet, og heile 10 av dei er knytte til namnet *Hølmedalen*. Breievne konkluderer med at materialet viser nokså tradisjonelle trekk både i lokalitetsfordeling, ordstoff og grammatisk form. Heile tilfanget er ført opp alfabetisk til slutt med uttale i fonemskrift og sidetilvising. Oppgåva er godt disponert.

Lisbeth Elvebakk: *Namn på båar, holmar og skjer frå sjøkart nr. 53.* Semesteroppgåve hausten 1990.

Dette kartet dekkjer Brønnøy-området, og materialet til oppgåva er opphavleg samla av Alv G.N. Muri. Elvebakk, som sjølv er frå Brønnøy, har kontrollert uttalen i jamføring med fonemsystemet i dialekten og elles fått mange opplysningar om ord- og namnebruk på staden. Oppgåva omfattar 250 namn. Hovudvekta ligg på ordstoffet i namna, som Elvebakk deler i tre grupper: grunnord, samanlikningsord og andre grunnord. Utgangspunktet for å skilje mellom grunnord og andre grunnord tykkjest vera den status orda har i notidsmålet: dei førstnemnde er i levande bruk, medan dei sistnemnde er utdøydde. Somme av samanlikningsorda nærmar seg vanlege terrengord, t.d. *hals* og *revle*. Dei vanlegaste grunnorda er *skjer* (66 gonger) og *tare* (53 gonger). Ordet *tare* viser tydingsutviding frå 'vid, tarevaksen grunne' til 'grunne, fiskeplass (med eller utan tarevekst)'. Det er eit iaugefallande - men slett ikkje uvanleg - drag at samanlikningsorda finst berre i eitt eller to namn, medan terrengorda ofte går att i ei mengd namn. Elvebakk deler òg namna i tydingsgrupper etter natur- og kulturtilhøve. Til slutt er alle namna oppførte alfabetisk med kartform, normert form og uttale i fonemskrift.

Tone Bjøndal: *Ei undersøking av utviklinga av slektsnamn på Nesodden i perioden 1801 til 1900*. Semesteroppgåve hausten 1990.

Oppgåva gjev mykje meir enn tittelen lovar: Her blir alle namn som står som tillegg til førenamna i folketeljingane 1801 (477 personar), 1865 (1097 personar) og 1900 (eit utval på 208 personar), presenterte og kommenterte systematisk. Slektsnamna utgjer faktisk berre ein liten del av heile tilfanget. Bjøndal deler materialet i ekte patronym, mannspatronym, stivna patronym, slektsnamn av gardsnamntype og eigentlege slektsnamn. Overtermen er etternamn, og det er vel den som eigentleg burde ha stått i overskrifta. Termen mannspatronym viser til eit interessant - men lite påakta - fenomen, det at kvinner har namn etter faren med endinga *-son* (i staden for det normale *-dotter*). Formelt minner mannspatronyma om stivna patronym, men dei er like individuelle som dei ekte patronyma.

Folketeljinga 1801 har mest berre ekte patronym. Fram mot 1900 går denne typen sterkt tilbake, medan mannspatronyma aukar frå 3 til 26. Det blir òg alt vanlegare at kvinnene tek patronymet eller slektsnamnet til mannen når dei giftar seg. Slektsnamn av gardsnamntype er stundom vanskelege å skilje frå gardsnamn som adresser, men materialet gjev gode haldepunkt for å rekne med ein auke her òg i siste halvdelen av 1800-talet. Ein kan prinsipielt sjå det slik at adressene ligg innbakte i skipnaden av folketeljingane. Dei som førte listene, trong difor ikkje å skrive adressenamnet ved kvart individ sjølv om systemet eigentleg kravde adressering. Dette bør ein ha i minnet når ein vurderer slektsnamn andsynes adresser i slike kjelder. Bjøndals oppgåve er oversiktleg, ryddig og godt forankra i grunnmaterialet.

Borghild Godal: *Personnamnskikken i Sandvika, Fossum og Lommedalen i 1801*. Semesteroppgåve hausten 1990.

Godal set som mål å prøve å finne ut om det var nokon skilnad på namnebruken i 1801 i Sandvika, Fossum og Lommedalen, alle i gamle Asker prestegjeld. Sandvika var eit samansett, delvis urbant og delvis sjøorientert område, Fossum var eit jarnverkssamfunn, og Lommedalen var ei litt isolert bondebygd. Materialet omfattar 547 namn, flest frå Lommedalen (307), færrast frå Sandvika (91). I familiar med meir enn to barn er berre dei to eldste tekne med, men elles er tilfanget i teljinga nytta fullt ut. Dei vanlegaste kvinnenamna er *Anne*, *Mari*, *Kari*, *Kirsti* og *Marte*, og dei vanlegaste mannsnamna er *Hans*, *Petter*, *Nils*, *Ole* og *Anders*. Det er flest lokale skilnader blant mannsnamna. Som gruppe dominerer dei kyrkjelege namna blant begge kjønn utan nemnande geografisk variasjon, men leksikalsk sett er det like mange nordiske som kyrkjelege mannsnamn (25 av begge). Dobbelnamn og slektsnamn spelar lita rolle, og Lommedalen er så å seie fri for slike namn.

Godal peikar elles med all rett på det paradoksale i at mannsnamna, som ein meiner har vori sterkast styrte av oppkallingstvangen, har lægre toppar enn kvinnenamna (jf. *Anne* 18% mot *Hans* 11%). Ut frå det faglitteraturen seier om at oppkallinga snevra inn tilfanget av namn og favoriserte dei mest utbreidde namna, skulle ein ha venta det motsette. Godal meiner mote i kombinasjon med *mild* oppkallingspraksis for jentene kan forklare dei høge prosentane. Det var lettare å gje jentene enn gutane "namn i tida" som eventuelt kom på tvers av familietradisjonen. Eg tykkjer synspunkta hennar har mykje for seg. Det er m.a. viktig å understreke at slektsbunden oppkalling *konserverer*, men ikkje nødvendigvis *endrar* namneskikken. Det at gruppa nordiske mannsnamn omfattar så mange lågfrekvente namn, er truleg mykje eit utslag av denne stabiliserande mekanismen. Skal namnebruken endre seg i avgjerande mon, trengst det alternative drivkrefter som ein etter moderne omgrep godt kan kalle mote og antimote.

Oppgåva er innhaldsrik og greitt disponert, men ho hadde tent på ein kritisk språkleg gjennomgang. Heile materialet blir dokumentert i fyldige og oversiktlege vedlegg. Elles må eg atter konstatere at 15 sider er lovleg stramt for oppgåver i eit så spennande fag som vårt. Studentane gjer støtt interessante observasjonar som dei av plassomsyn dessverre får drøfta berre overflatisk, eller i verste fall må sleppe frå seg utan kommentar i det heile.

KK

Informanten har fått nok

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 1990

Vi held her fram med det årlege oversynet over norsk namnelitteratur som vi tok til med for året 1989 i *Nytt om namn* nr. 11 - 1990. Bibliografien er også denne gongen sett opp av lektor Terje Larsen, Hokksund. Retningslinene for arbeidet er òg dei same, sjå forklaringa i nr. 11. Vi oppmodar på nytt lesarane om å sende inn rettingar og tillegg, så bibliografien kan bli så god som råd. Viktige avisartiklar har òg sin plass i ein slik samanheng. Det har dessverre vist seg å bli i travlaste laget å få bibliografien ferdig til vårnummeret av bladet, særleg fordi mange skrifter kjem så seint inn til biblioteka. Vi har difor tenkt å trykkje bibliografien i haustnummeret frå og med neste år.

Alhaug, Gulbrand: A method for tracing characteristic name types - by geographical region, social class, period, etc. I: Tromsø Studies in Linguistics 11. Tromsø Linguistics in the Eighties:32-61.

Alhaug, Gulbrand: Women's Names in *-ine* - A Great Name Fashion in Norway in the 19th century. I: Eeva Maria Närhi (ed.): Proceedings of the XVIIth International Congress of Onomastic Sciences. Vol.1:137-144. Helsinki 1990.

Antonesen, Vidar: Forholdet mellom offisiell norsk nomenklatur for fugl og zoologisk systematikk. Ei vurdering med grunnlag i eit autoritativt forslag til endring av engelske fuglenamn. I: Namn og Nemne. Årgang 7 - 1990:7-34.

Aune, Kolbjørn: Tiendebursåkeren. Eit åkernamn og kulturminne i Hemne. I: Årbok for Fosen 1990:141-143.

Bakken, Kristin: Faktorer til forklaring av komposisjonsmåte i stedsnavn, belyst av et materiale fra Øvre Telemark. I: Institutt for namnegransking. Årsmelding 1989:19-51.

Barkve, Peter: Namn i Strand [Rogaland]. [Strand] u.å. 123 s.

Berg, Hallgrim: Innlegg i Odelstingsdebatten 22.2.1990 [om den nye stadnamnlova]. I: Nytt om namn. Nr.11 - 1990:31-33.

Bjøndal, Tone: Ei undersøking av utviklinga av slektsnamn på Nesodden i perioden 1801 til 1900. [Oslo] 1990. 23 s., 5 vedlegg. /Utrykt mellomfagsoppgåve./

Borud, Bjørn og Ove F.S. Moe: Vi og våre tipper. En annerledes navnebok. Trøgstad [1990]. 98 s.

Breievne, Sissel: Inn- og utmarksnamn på garden Breidemne, Strandebarm i Hardanger. [Oslo] 1990. 20 s., 1 vedlegg. /Utrykt mellomfagsoppgåve./

Dalen, Arnold: Sjøheim og ferjegard [Siem]. I: Nord-Trøndelag historielag. Årbok 1990:95-98.

Didriksen, Didrik: Fortegnelse over stedsnavn på holmer, skjær og sluer i området Varholmen, Slåttøyene og nordre del av Torgnessundet. Sjøkart nr.53. I: Blad av

Brønnøy Historie 1989:16-20 og 1990:17-27. /Tillegg: Folketellingsliste fra år 1900./

Ellingsgard, Ola: Bråten-namn i Hallingdal. Eit oversyn. I: Nytt om namn. Nr.12 - 1990:7-9.

Elvebakk, Lisbeth: Namn på båar, holmar og skjer frå sjøkart nr. 53. [Oslo 1990]. 31 s. /Utrykt mellomfagsoppgåve./

Fure, Eli: Oppkalling og familiementalitet. I: Historisk tidsskrift 2/1990:146-162.

Fure, Eli: Personnavn og tidsånd. I: Namn og Nemne. Årgang 7 - 1990:35-56.

Gjertsen, Karl Ragnar: Storkvenna på Nord-Vestlandet [om namnet Kvenn-/Kvernberget]. I: På Norske Vinger nr. 1/1990:26-28.

Gjukastein, Lars: Gardsnamnet Finne i Gullfjordungs åttung på Voss. I: Gamalt frå Voss. Hefte XXII (1990):117-144. /Også trykt i Namn og Nemne 6 (1989)./

Godal, Borghild: Personnamnskikken i Sandvika, Fossum og Lommedalen i 1801. [Oslo] 1990. 18 s., 10 vedlegg. /Utrykt mellomfagsoppgåve./

Hafsten, Ulf: Biostratigrafisk belegg for at navneklassen *holt* kan ha sitt opphav i førkristen tid. Trøndergården *Tømmerholts* historie. I: Schmidt, T. (red.): Namn og eldre busetnad:54-60. /Summary. Diskusjon./

Hagland, Jan Ragnar: Kva tid vart *Þorgísl* til *Þorgils* i nordisk språk? I: Studia anthroponymica Scandinavica 8 (1990):35-46.

Hallaråker, Peter: Stadnamnprosjektet i Møre og Romsdal. Nytt program for dataføring. I: Nytt om namn. Nr.12 - 1990:10-14.

Harsson, Margit: *Lore* og *Lora* - om eit gardsnamn og eit elvenamn. I: Institutt for namnegransking. Årsmelding 1989:53-77.

Harsson, Margit: Om registrering av øydegardar. I: Schmidt, T. (red.): Namn og eldre busetnad:71-91. /Summary. Diskusjon./

Haslum, Vidar: Litt om nedlagte boplasser på Håbbeslandsheia. I: Birkenes Historielag. Årsskrift 9 - 1990:33-44.

Haugen, Leif: Stedsnavn i Brevik. I: Brevik historielag. Årbok 1990:24-38.

Helleland, Botolv: Flurnamen als lokalgeschichtliches Quellenmaterial. I: Eeva Maria Närhi (ed.): Proceedings of the XVIIth International Congress of Onomastic Sciences. Vol.1:415-422. Helsinki 1990.

H[elleland], B[otolv]: Hovudfag i Bergen. [Omtale av] Øystein Økland: Stadnamn frå Tysnes. (Hovudoppgåve ved Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, våren 1989). I: Nytt om namn. Nr.12 - 1990:39-40.

Helleland, Botolv: Ord på vårt daglege brød. I: Institutt for namnegransking. Årsmelding 1989:79-100.

Helleland, Botolv: Stadnamn i ubunden form. I: Namn och bygd 1990:79-88. /Summary./ /Tidlegare prenta i Studia Onomastica 1989./

Helleland, Botolv: Stadnamn og stadnamninnsamling i Modum. I: Gamle Modum. Årsskrift for Modum historielag 1990:6-7.

H[elleland], B[otolv]: Stadnamnlova endeleg vedteken. I: Nytt om namn. Nr.11 - 1990:18.

H[elleland], B[otolv]: Undredal i Hardanger? Grove feil i namnebruken på Europakartet til Falken. I: Nytt om namn. Nr.11 - 1990:14-15.

Helleve, Aslak L.: Tidlege heilagstader på Voss. Ligg dei i eit geometrisk mønster? I: Gamalt frå Voss. Hefte XXII (1990):91-98.

Hermundstad, Knut: Husmannsplassar i Ulnes og Svenes. I: Årbok for Valdres 1990:169-178.

Institutt for namnegransking. Årsmelding 1989. Oslo 1990. 204 s.

Johannessen, Ole-Jørgen: Bygdenavn i Nordhordland. I: Namn og Nemne. Årgang 7 - 1990:57-78.

Johnsen, Jørgen: Stedsnavn på Leksdalsfjellet. I: Verdal historielag. Skrifter 17. Årbok 1990:178-181.

Jåma, Paul: Samiske stedsnavn i Verdal. I: Verdal historielag. Skrifter 17. Årbok 1990:174-177.

Kristoffersen, Dag: Personnavn langs Lågen i eldre tid. I: Langs Lågen. Lokalhistorisk lesebok for bygdene og byene langs Numedalslågen. Nr.1 - 1990:40-48 og nr. 3 - 1990:122-127.

Kruken, Kristoffer: "Alexander var den enes navn, den annens var Margido." I: Talatrosten 1990:11-15.

K[ruken], K[ristoffer]: Mellomfag i Oslo. [Omtale av] Beate Kraggerud: Stadnamn frå Lunner og Gran. Ei djupinnsamling frå to Kraggerudgardar, tre Dynnagardar og eit bruk, Ellinor Reichelt: Førenamn i Rødøy og Meløy i 1820 og 1870, Margrete S. Skeie: Om dei morfologiske endringane i eit stadnamnmateriale frå mellomalderen til i dag. I: Nytt om namn. Nr.12 - 1990:43-45.

K[ruken], K[ristoffer]: Namn og stader på Utsira. I: Nytt om namn. Nr.12 - 1990:32-33. /Melding av Inge Særheim: Utsira. Namn og stader. Stavanger 1990./

Kruken, Kristoffer: Personnamn i Trøndelag og Jemtland i første halvdelen av 1600-talet. I: Institutt for namnegransking. Årsmelding 1989:101-119.

K[ruken], K[ristoffer]: Semesteremne i Tromsø. [Omtale av] Cissel Samuelsen: Personnavn i Skjervøy prestegjeld 1801. Obligatorisk oppgåve hausten 1989. I: Nytt om namn. Nr.12 - 1990:46-47.

Kruken, Kristoffer: Skola, Skora, Skura, Skjøla. I: Namn og Nemne. Årgang 7 - 1990:79-92.

K[ruken], K[ristoffer]: Soknedanning og soknenamn. I: Nytt om namn. Nr. 12 - 1990:35-37. /Melding av Stefan Brink: Sockenbildning och sockennamn. Studier i äldre territoriell indelning i Norden. Uppsala 1990./

Kulbrandstad, Lars Martin: Møkksnaret og andre navn ved Vegenden. I: Lautin. Lokalhistorisk årbok for Løten 1990:145-149.

Kvam, Anders Martin: Fingalshola i Gravvik - en liten navnejakt. I: Mot-skrift. Arbeidsskrift for språk og litteratur. Nordisk institutt. Universitetet i Trondheim. Nr. 1/2 1990:[95-98].

Kvaavik, Signe: Arbeidet med stadsnamn (sic) i Lyngdal kommune. I: Lyngdalsboka 1990:41,45.

Køste, Johan Fredrik og Anne Svanevik: Den store navneboken. Stavanger 1990. 237 sider.

Lietz, Gero: Egennavn i moderne norsk. Problemer knyttet til gjengivelse på tysk belyst ved eksempler fra skjønnlitterære tekster. I: Institutt for namnegransking. Årsmelding 1989: 121-140.

Lietz, Gero: Ideologisk navngivning i Tyskland. I: Nytt om namn. Nr.12 - 1990:16-18.

Lov om stadnamn av 18. mai 1990. I: Nytt om namn. Nr.11 - 1990:19-30.

Løken, Trond og Inge Særheim: Førhistorisk landsby på Forsandmoen - med samanhengande busetjing frå yngre bronsealder til folkevandringstid - kastar nytt lys over eldre norsk busetjingshistorie. I: Schmidt, T. (red.): Namn og eldre busetnad:- 175-195. /Summary. Diskusjon./

Marstein; Eivind: Måra-myra. Et "morsomisert" stedsnavn. I: Romerikstun. Årbok 1990 (Bind XVI):90-92.

Mogstad, Lars P.: På leiting etter stadnamn i Surnadal i soga om Gisle Sursson. I: Heimen 1990:167-173, kart.

Mundal, Else: Forholdet mellom gudar og jotnar i norrøn mytologi i lys av det mytologiske namnematerialet. I: Studia anthroponymica Scandinavica 8 (1990):5-18.

Myhre, Bjørn: Hvor gamle er gårdgrensene? I: Schmidt, T. (red.): Namn og eldre busetnad:125-139. /Summary. Diskusjon./

Myrvang, Finn: Stadnamn i Steigen. I: Årbok for Steigen 1990:62-73. /Den siste av tre artiklar. Dei to fyrste stod i 1988- og 1989-årgangane./

Myrvang, Finn: Aufles, Austein, Auvik, Auvær og Auvåg. I: Håløygminne. Hefte 3 - 1990 (18. bind):221-226.

Myrvang, Finn: Bø får gate- og vegnamn. I: Bøfjerding 90:87-89.

Myrvang, Finn: Namnet Narvik. I: Håløygminne. Hefte 3 - 1990 (18. bind):227-228.

Myrvang, Finn: Namn i Værøya og Litløya. I: Bøfjerding 90:19-26.

Namnebibliografi 1989. I: Nytt om namn. Nr.11 - 1990:41-[48]. Tillegg: Nytt om namn. Nr.12 - 1990:[48].

Nesheim, Magnhild: Grunnord i fjell- og høgdenamn frå Åfjord. I: Årbok for Fosen 1990:65-80.

Nytt om namn. Meldingsblad for Norsk namnelag. Red.: Botolv Helleland og Kristoffer Kruken. Nr.11 - 1990. Oslo 1990. 48 s.

Nytt om namn. Meldingsblad for Norsk namnelag. Red.: Botolv Helleland og Kristoffer Kruken. Nr.12 - 1990. Oslo 1990. 48 s.

Ottesen, Johan: Stadnamn frå Koparstad. I: Folk og fortid. Tidsskrift for Herøy sogelag 1990:74-79.

Pedersen, Ellen Anne: Rydningsrøysfelt og gravminner - spor av eldre bosetningsstruktur på Østlandet. I: Schmidt, T. (red.): Namn og eldre busetnad:197-219. /Summary. Diskusjon./ /Også trykt i Viking LIII (1990) [- diskusjon]./

Ramstad, Egil: Namdalen eit namn frå Herule-tid? I: Årbok for Namdalen 1990:85-104.

Randsborg, Hege Brit: Navneoppkalling - myte eller virkelighet? I: Namn og Nemne. Årgang 7 - 1990:93-102.

Rogan, Bjarne: On the Custom of Naming Artefacts. I: Ethnologia Europaea. Vol. XX (1990):47-60.

Rydving, Håkan: Ortnamn som religionshistoriskt källmaterial. I: Namn och bygd 1990:167-177. /Summary./

Rygh, Oluf: Hvad der er gjort i Norge for at samle Materialier til Belysning af Landets Stedsnavne. Utgjeve av Oddvar Nes. I: Namn og Nemne. Årgang 7 - 1990:103-122.

Salvesen, Helge: Forholdet mellom gårdsnavnforskning og bosetningshistorie. I: Schmidt, T. (red.): Namn og eldre busetnad:17-32. /Zusammenfassung. Diskusjon./

Sandnes, Jørn: Elvenavnet *Alma*. I: Namn och bygd 1990:159-165. /Summary./

Sandnes, Jørn: Gårdsnavn og bosetning på Nes, Hedmark, noen hovedlinjer. I: Schmidt, T. (red.): Namn og eldre busetnad:9-16. /Summary./

Sandnes, Jørn og Ola Stemshaug (red.): Norsk stadnamnleksikon. 3. utgåve. Oslo 1990. 375 s. /S.363-369: Råd og rettleiing ved namngjeving og normering, s.370-375: Lov om stadnamn (Odelstingsproposisjon nr. 2, 1989-90) vedteken av Stortinget 22. februar 1990. + [Utkast til] utfyllande føresegner om skrivemåten av norske stadnamn./

Sandøy, Helge: Eldste namna og eldste busetnaden i Fræna kommune. I: Gammalt frå Fræna 1990:7-38.

Schmidt, Tom (red.): Namn og eldre busetnad. Rapport frå NORNAs femtande symposium på Hamar 9.-11. juni 1988. Uppsala 1990. 293 s. (NORNA-rapporter 43.)

Schmidt, Tom: Litteraturkrönika. Norge. I: Namn och bygd 1990: 197-202. (=NORNA-rapporter 44.)

Schmidt, Tom: Navneleddet *-by* i Østfold etter 1875. I: Institutt for namnegransking. Årsmelding 1989:141-171.

Schmidt, Tom: Place-Names with Generic *-by/-bø* in East and West Norway: A Comparative Study. I: Eeva Maria Närhi (ed.): Proceedings of the XVIIth International Congress of Onomastic Sciences. Vol.2:324-331. Helsinki 1990.

Sellæg, Jo: Stedsnavn: Lassebakken. I: Rundtom. Lokalhistorie fra Drammen. Nr.2 - 1990:100-101.

Stadnamn frå Kvinesdal. I: Kvinesdal Historielag. Nr.1 1990:43-44.

Stangnes, Helge: Om namn på Senja. Rajna, råjna og rånna [Rand]. I: Årbok for Senja. Nr. 18/19 - 1990:17-18.

Stemshaug, Ola: Sjå Sandnes, Jørn og Ola Stemshaug.

Stølen, Anders: Samson-namn i Hardanger og Sunnhordland. I: Hardanger 1990:16-38.

Stølen, Anders: Heine-namn i Sunnhordland og Hardanger. I: Kvinnhers-minne. Årbok V (1990):98-109.

Svanevik, Anne: Hvorfor endrer folk navn? I: Institutt for namnegransking. Årsmelding 1989:173-192.

Svanevik, Anne: Litt om navn... I: Bestum-Nytt nr.13, 1990.

Svanevik, Anne: Some Reflections on Official Name Procedures in Norway. I: Eeva Maria Närhi (ed.): Proceedings of the XVIIth International Congress of Onomastic Sciences. Vol.2:408-415. Helsinki 1990.

Svanevik, Anne: Vår nyeste personnavnlovgivning. I: Språknytt 4 -1990:1,3-4.

Svanevik, Anne: Sjå Køste, Johan Fredrik og Anne Svanevik.

Svenne, Hans: Stedsnavn: Per Sivles gate. I: Rundtom. Lokalhistorie fra Drammen. Nr.3 - 1990:156-158.

Særheim, Inge: Utsira. Namn og stader. Stavanger 1990. 144 s. (Rogaland fylkeskommune. Stadnamnprosjektet.)

Særheim, Inge: Sjå Løken, Trond og Inge Særheim.

Söderholm, Eira: Patterns in a system of multilingual placenames. I: Tromsø Studies in Linguistics 11. Tromsø Linguistics in the Eighties:389-404. /Same art. er publisert på norsk i Namn og Nemne 1986./

Söderholm, Eira: The Position of Finnish and Saami Place Names in Norway. I: Eeva Maria Närhi (ed.): Proceedings of the XVIIth International Congress of Onomastic Sciences. Vol. 2:361-368. Helsinki 1990.

Thorp, Finn Folke: Villa- og andre bustadnamn på Ljan. Oslo 1990. Upag. /Utrykt mellomfagsoppgåve./

Trollerud, Lars K.: Området mellom Farris-elva og Lågen het Mydy-bygda - et navn bydannelsen Larvik fortrengte. I: Langs Lågen. Lokalhistorisk lesebok for bygdene og byene langs Numedalslågen. Nr.2 - 1990:73.

Tømmerås, Bodvar: Stadnamninnsamlinga - Bøgset. I: Kumur. Årsskrift nr.11 1990 for Snåsa historielag:42-45.

Aaby, Gudveig Henryette: Helgeroa, ett navn på Neset. I: Nesjar. Årsskrift for Brunlanes historielag 1989-90:77-81.

Aars, Ivar: Blant forsvunne gardar. (Arvesvik, mannebot og jordran. Valdresdiplom 17. 1401-1410.) I: Årbok for Valdres 1990:229-230.

Aars, Ivar: Frå Bene og Brand til Jogeir og Hjormund. (Arvesvik, mannebot og jordran. Valdresdiplom 17. 1401-1410.) I: Årbok for Valdres 1990:217-221.

Aars, Ivar: Seter på ein støl og stugu i ei stogo. Noko om synonym og tydingsspesialisering i Valdres. I: Maal og Minne 1990:74-78.

Aas, Harald: Gamal namneskikk. I: Gammalt frå Fræna 1990:105-108.

Tillegg bibliografi 1989:

Bremanger kommune: 14200 stadnamn. [Kaupanger] 1989. 908 s. /Sogn og Fjordane fylkeskommune. Fylkeskultursjefen - Fylkesarkivet./

Elsvatn, Leif: Samiske stedsnavn i Hattfjelldal. [Mosjøen] 1989. 26 s.

Helleland, Botolv: Ny lov om skrivemåten av stadnamn i Noreg. I: Aktuella frågor inom ortnamnsvården. Handlingar från DOVA:s och Göteborgs universitets symposium den 8-10 mars 1988. Red. av Kristinn Jóhannesson m.fl. Göteborg 1989:25-30.

Helleland, Botolv: Stadnamnnormering i 150 år. I: Bergens Tidende 31. mai 1989.

Krag, Claus: Vestmar som landskapsnamn. I: Telemark Historie. Tidsskrift for Telemark Historielag. Nr.10 -1989:101-105.

Løkke, Gunnar: Tilnavn i Honningsvåg. I: Årbok for Nordkapp 1987-89:39-41.

Navn i Søgne. [Utgjeve av] Søgne kommune. [Søgne] 1989. 231 s.

Returadresse:

Avdeling for namnegransking
Postboks 1011 Blindern
0315 OSLO 3

- Har du lesi heile Nytt om namn no da?

ISSN 0800 - 4676